



MØTEINNKALLING

Utval:	Eldrerådet
Møtedato	28.11.2017
Møtetid:	Kl. 10:00 - 11:30
Møtestad:	Kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Vassenden, Solveig

Saker til handsaming på møtet

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
004/2017	17/1037	Faste saker	
005/2017	17/596	Uttale frå eldrerådet til budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerte vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Boge, Jan Erik	Arkivkode: FE - 033
Arkivsaksnr: 17/1037	Løpenr: 17/10502
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	28.11.2017	004/2017

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.
 Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.
 Delegerte vedtak/referatsaker.
 Utvalet sitt kvarter.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ludvigsen, Rita	Arkivkode: FE - 143
Arkivsaksnr: 17/596	Løpenr: 17/10469
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	28.11.2017	005/2017

Uttale frå eldrerådet til budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

Dokument som er vedlagt:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021

Vedlegg til rådmannen sitt framlegg

Framlegg til kommunale avgifter og gebyr 2018

Kva saka gjeld:

Rådmannen har utarbeidd framlegg til økonomiplan for 2018-2021. Framlegget skal behandlast av formannskapet i møte 22. og 23.11.2017 og i kommunestyret 13.12.2017. Første året i økonomiplanen er også budsjettet for 2018.

Eldrerådet har høve til å koma med uttale til framlegget til budsjett for 2018 og økonomiplan for 2018-2021. Uttalen vil verta lagt ved saka til kommunestyrebehandlinga 13.12.2017.

Utgangspunktet for rådmannen sitt framlegg er dokumentet «føringar økonomiplan og kvalitetsindikatorar 2018-21», som vart vedteke av kommunestyret 15.06.2017.

Det er som vanleg lagt ned mest tid til utarbeiding av budsjettet for det komande året (2018).

Det er i rådmannen sitt budsjettframlegg for 2018 lagt opp til eit netto driftsresultat på 2,1 millionar kroner (driftsoverskot) og avsetjing til disposisjonsfondet på 1,4 millionar kroner. Nedanfor følgjer tabell med tal for heile økonomiplanperioden (tal i heile 1 000 kroner):

	2018	2019	2020	2021
netto driftsresultat	2 146	1 949	2 807	1 661
i % av inntekt	0,99 %	0,92 %	1,33 %	0,79 %
Avsett til disposisjonsfond	1 395	1 515	2 929	1 138

Aktuelle tema for eldrerådet

Nedanfor er det lista opp nokre tenester som kan vera aktuelle for drøfting i eldrerådet.

Eining for helse

- Det blir i rådmannen sitt framlegg foreslått å evaluera ordninga med førstehjelpsbil.
- Det blir også foreslått å utgreia nytt legevaktsamarbeid.

Sjukeheim og heimetenester

- Det er i rådmannen sitt framlegg lagt opp til å selja sjukeheims plassar til andre kommunar også i 2018. I framlegget er det lagt inn inntekter for sal av 2 sjukeheims plassar.
- Det er lagt opp til uendra tal sjukeheims plassar i forhold til 2017.
- Rådmannen foreslår å oppretta ei ny stilling som fagsjukepleiar (100% stilling) i 2018.
- Rådmannen foreslår å innføra ordning der kommunen tek betalt for følgetenester. Dette gjeld følgetenester som ikkje er lovpålagte (for eksempel følge til sjukehus, lege og tannlege).
- Det er i rådmannen sitt framlegg ei målsetting om at alle som kan, brukar multidose.

Kommunale avgifter

Rådmannen har ikkje gått inn for eldrerådet sitt forslag om redusert vassavgift til einslege eldre i bygda. Årsaka til dette er både at det vil vera praktiske utfordringar med ei slik ordning, samt at det er høve for dei som ønskjer det til å installera vassmålar og dermed betala vassavgift etter faktisk vassforbruk.

- Det er lagt til grunn vanleg prisauke på dei fleste kommunale avgifter.
- Årsavgift for vatn blir ikkje foreslått auka i 2018.
- Tilknytingsavgift for vatn blir ikkje foreslått auka i 2018.
- Årsavgift for kloakk blir foreslått auka med 5% i 2018.
- Tilknytingsavgift for kloakk blir foreslått auka med 5% i 2018.
- Gebyr for slamtømming blir ikkje foreslått auka i 2018.

Frivilligsentral

- Kommunen har i statsbudsjettet fått tilskot i 3 år til å dekkja utgifter til etablering av kommunal frivilligsentral. Det vil i 2018 bli oppretta 50% stilling som frivilligkoordinator.

Bibliotek

- Det er i rådmannen sitt framlegg lagt opp til å auka aktiviteten i biblioteket ved å få fleire til å delta på arrangement der. I 2018 blir det ei rekke arrangement og kulturelle opplevingar i «Høgspent'n».

Eventuelle endringer i formannskapet 22. og 23.11.2017

Dersom formannskapet i si tilråding til kommunestyret gjer vesentlege endringar i forhold til rådmannen sitt framlegg, vil det bli orientert om dette i eldrerådet sitt møte 28.11.2017.



Samnanger kommune

- der du vil leva og bu -



Foto: Inge Aasgaard

Samnanger kommune

Budsjett 2018

og

Økonomiplan 2018 - 2021

Rådmannen sitt framlegg

Innhold

Rådmannen si innleiing	Side 3
Rammevilkår	Side 6
Befolkningsutvikling	Side 7
Hovudtal i budsjettframlegget	Side 9
Oversikt netto driftsutgifter i rådmannen sitt framlegg	Side 15
Gjennomgang av driftsbudsjetta for dei einiskilde områda:	
Rådmannen	Side 16
Rådmannskontoret	Side 16
Barnevern	Side 16
Sektor for organisasjon	Side 17
Stabsfunksjonar	Side 19
Sørvissenteret	Side 21
Politisk nivå og revisjon	Side 22
Tilskot til kyrkjestyret og livssynsorganisasjonar	Side 23
Sektor for samfunn og utvikling	Side 26
Teknisk drift	Side 29
Teknisk forvaltning	Side 31
Kultur og folkehelse	Side 32
Sektor for helse og omsorg	Side 34
Helse	Side 35
Sjukeheim	Side 37
Heimetenesta	Side 40
Funksjonshemma	Side 41
NAV	Side 41
Sektor for oppvekst	Side 43
Barnehage	Side 43
Barneskulen	Side 44
Ungdomsskulen	Side 45
Vaksenopplæring	Side 47
Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)	Side 47
Investeringar	Side 48

Vedlegg:

Skriv frå fylkesmannen om Statsbudsjettet 2018 - kommuneopplegget

Budsjettframlegg frå kontrollutvalet - kontroll og tilsyn

Budsjettframlegg frå Samnanger kyrkjestyre

Budsjettskjema - rådmannen sitt framlegg (inkludert oversikter driftstiltak og investeringstiltak)

HOVUDFOKUS

- Byggje opp ein robust økonomi
- Ta i bruk meir frivilligheit
- Fokus på kvalitetsmål
- Jobbe med å få opp nærværet
- Ha ein effektiv organisasjon
- Verdiprosjekt
- Få opp leiarkompetansen i Samnanger kommune sin organisasjon

RÅDMANNEN SI INNLEIING

Bakgrunnen for rådmannen sitt arbeid med økonomiplanen for 2018-2021 er dokument «føringer økonomiplan og kvalitetsindikatorer 2018-21» frå våren 2017

Robust økonomi:

Me treng å få byggja opp disposisjonsfondet ytterlegare og har ei klar målsetjing om å setja av mest mogleg kvart år for å rusta kommunen til å kunna ta dei utfordringane som kjem i åra framover. Me treng å gjera kommunen mindre sårbar når det skjer uføresette hendingar, for eksempel svikt i skatteinntektene. Det er derfor viktig at me kvart år framover får sett av pengar til disposisjonsfondet slik at kommunen får den bufferen som trengs.

Frivilligheit:

Me har fått tildelt kr. 392 000 for å oppretta ein frivilligsentral. Desse midlane er tenkt brukte til å tilsetja ein leiar for dette arbeidet. Ei fornuftig organisering er at me legg denne inn i kommunen sin organisasjon under kultur, då me ser at ein kan oppnå gode synergjar av dette og at stillinga kan vera lokalisert på biblioteket. Me må som andre kommunar leggja til rette for at frivilligheit blir eit viktig verkemiddel for å klara å levera på mange område framover. Frivilligheit har ein sentral plass også i Samnanger kommune. Me ynskjer med dette å leggja ytterlegare til rette for å stimulera til bruk av ulike lag og organisasjonar i ulike samanhengar. Regjeringa ynskjer en frivillig sektor som veks fram nedanfrå og vert friare frå politisk styring. Derfor har regjeringa lansert ei intensjonserklæring for samspelet mellom regjeringa og frivillig sektor.

Stikkord i denne samanheng er (sitat frå regjeringa sine nettsider):

- *Verdi – anerkjenner frivillighetens enorme verdi som samfunnsbygger*
- *Aktivitet – legge til rette for at frivilligheten vokser fram nedenfra og anerkjenner at frihet fra politisk styring er viktig for en aktiv frivillig sektor*
- *Medvirkning– legge til rette for en åpen, levende og konstruktiv dialog med frivillig sektor*
- *Forenkling – legge til rette for enklere regler og mindre byråkrati i samspillet med frivillig sektor*

Kvalitetsmål:

I KOSTRA vert kommunane sine nøkkeltal publisert når rekneskapen er ferdig. Kommunal Rapport hentar desse tala ut, vektar dei og samanliknar resultatane og publiserer dei i Kommunebarometeret. Barometeret er ein forenkla måte å måla dei ulike kommunane opp mot kvarandre. For Samnanger kommune er det viktig at me rapporterer så riktig som mogeleg inn på barometeret då me har klare ambisjonar om kor me skal vera på dette (Nøkkeltal åleine -topp 50, Totaltabell - justert for økonomiske føresetnader - opp frå 138 plass). Det som er viktig er at leiarane våre og politikarane har ei felles forståing om kva mål og forventningar me har på dette. Samnanger havnar på ein 138. plass i Kommunebarometeret 2017. Då har dei korrigert

plasseringa med omsyn til økonomiske rammevilkår. Kommunen ligg på øvste halvdel på totaltabellen, utan å vera nær dei beste. Ser me berre på nøkkeltall og ignorerer økonomiske føre-setnader, er kommunen på ein 115. plass. Nøkkeltala er samla sett ein del betre enn normalen i Kommune-Noreg.

Samnanger er heilt i toppskiktet innan saksbehandling og grunnskule. Kommunen er òg inne på Topp 100-lista når det gjeld pleie og omsorg og miljø og ressursar.

Kommunen har sine svakaste plasseringar innan vatn, avløp og renovasjon (400. plass), kultur (377. plass) og økonomi (368. plass).

Sjukefråvær:

Rådmannen har peika ut at eit av dei viktigaste prosjekta me set i gang med er Nærværprosjektet. Hensikten er å halda sjukefråværet under 6,5% samla sett i organisasjonen, sjå tabell under.

Målsettingar sjukefråvær			
Samla sjukefråvær i heile kommunen 6,5%			
Rådmannskontor og stab	3,8%	Sjukeheim	9,0%
Teknisk forvaltning	3,8%	Helse	3,8%
Sørvisssenter	3,8%	Kultur	3,8%
Teknisk drift	3,8%	Ungdomsskulen	4,5%
NAV	3,8%	Barneskulen	4,3%
Funksjonshemma	9,0%	Barnehage	7,0%

Effektiv organisasjon:

For å få ein effektiv organisasjon må me vera villige til å investera i auka og ny kompetanse. Me ser at det å byggja gode leiarer er avgjerande for å lukkast med ei effektiv drift. Beslutningar må takast lengst ute i organisasjonen der kvar tilsett veit kor skoen trykkjer. Då må kompetanse og kunnskap vera på plass. Me har òg akkurat starta ein prosess med å sjå på korleis me skal organisera oss, der tydeleg struktur og ansvarsoppgåver er klart definert. Investering i auka kompetanse og verktøy er nødvendig for å klara å ta unna nye arbeidsoppgåver som me vert pålagt. Elektronisk arkiv er eit slikt verktøy, som me ynskjer å ta tak i i 2019. Me går inn i ei tid der krav til digitalisering er satt i høgsetet, og me må hengja med. Me må sjå framover og vera tydelege på kva kjerneoppgåver me skal driva med. Det vil òg bety at me til ei kvar tid må vera villige til samarbeid med andre kommunar for å kunna løysa oppgåver som ikkje er kjerneoppgåver.

Me startar eit program som har til hensikt å gjera Samnanger kommunes sin organisasjon betre rusta til å gå inn i framtida. Dette vil innehalda ulike prosjekt som: Leiarutvikling, Nærværprosjekt, Verdiprosjekt, Serviceprosjekt, Omorganiseringsprosjekt, Profileringsprosjekt og Marknadsføring. Me vil sjå til andre kommunar og utveksla erfaringar, slik at me ikkje treng finna opp alt på nytt. For å lykkast med alle dei tiltaka og måla me har sett oss, er me heilt avhengige av tilsette som er motiverte og rusta for å kunna gjennomføra alle desse endringane som kjem dei neste åra.

Verdiprosjekt:

Både nasjonalt og internasjonalt er det blitt ei vanleg forventning til både offentlege og private verksemdar at dei har formulert sitt verdigrunnlag, gjerne òg at dei utarbeider verdidokument og etiske retningslinjer for verksemda. Kvifor skal me gjera dette i Samnanger kommune òg? Det å satsa på verdiar er eit middel til å opprettholde og utvikla kvalitet, dette skal òg vera ei motvekt for å ikkje einsidig berre å vektleggja økonomi og effektivitet. Det å ha klare verdiar som er ein viktig del av identiteten vår er med på å styrka omdømet vårt. Det er påvist ein samanheng mellom leiarane sin etiske standard og medarbeidarane sin jobbtillfredsheit. Ein ekte indre motivasjon bidrar til gode prestasjonar og redusert turnover i organisasjonen. Verdiane skal vera med å styrka organisasjonen, kulturen, identiteten, den faglege kvaliteten og engasjementet.

Leiar kompetanse:

Leiarutvikling i Samnanger kommune skal ha fylgjande hovedelement:

- Leiing
- Arbeidsgjevar
- HMS-kurs
- Økonomi og budsjett
- Kvalitet

Det å jobba med leiarutvikling er ein kontinuerleg prosess, ein vert aldri utlært. Me skal byggja gode leiarar og mellomleiarar. Me skal setja dette i system for å byggja kultur for å ha kvalitet, tillit og framsyn i fokus.

Kommuneplan:

Det vil gjennom heile 2018 arbeidast intensivt med planstrategi og samfunnsdelen av kommuneplanen. Me har som mål at alle kommunale planar skal rullerast minst kvart 4. år.



Møte i leiarforum i storstova på Samnangerheimen. Foto: Grete Lill Hjartnes.

VIKTIGE ENDRINGAR

- Endring av eigendoms-skattelova
- Lågare inntekt frå skatt på kraftanlegg frå 2018
- Store konsekvensar for kommunen i åra som kjem

RAMMEVILKÅR

I statsbudsjettet er det kome forslag om å endre eigedomsskattelova. Endringa er mellom anna knytt til at verk og bruk skal opphøyrast som eige omgrep og at kraftlinjene skal unntakast frå skattlegging. Dersom forslaget går igjennom, vil det få store økonomiske konsekvensar for mange kommunar. Endringa vil gjelda frå 2019 og vil ha overgangsreglar som går over 5 år med 1/5-dels reduksjon kvart år. Dette er det ikkje tatt høgd for i økonomiplanen. Det er heller ikkje lagt inn kostnad ved ei evt. ny taksering av næringsseigedomar som tidlegare har vore klassifiserte som verk og bruk. Når ein eigedom ikkje lenger skal takserast som verk og bruk, vil det ikkje vera verdien av anlegget som skal verdifastsettast, men verdien av bygningar og tomter. Svært ofte ligg det meste av verdien i produksjonsutstyr som for eksempel trafostasjonar, gjenvinningsstasjon, fiskeoppdrett mm.

Dersom eigedomsskatt på linjer vert fjerna heilt vil det gje eit inntektstap på om lag kr 3 mill. I tillegg vil eigedomsskatt frå trafostasjon, fiskeoppdrett mm bli lågare dersom dei skal takserast som næring. Totalt inntektstap viss dette vert vedtatt vil liggja på mellom 3 og 4 mill kroner. 20 % av dette vil koma allereie i 2019.

I statsbudsjettet har regjeringa òg foreslått å auka grunnrentesatsen med 1,4 % til 35,7 %. Dersom dette vert vedtatt vil det føra til reduserte eigedomsskatteinntekter på vasskraftanlegg til kommunane og staten vil få auka skatteinntekter.

Samnanger kommune var ein av svært mange kommunar som gav høyringsuttale i sak om kapitaliseringsrenta for eigedomsskatt på kraftanlegg. Finansdepartementet heldt fast på at den ikkje skal settast ned. Dette vil gje lågare inntekter frå skatt på kraftanlegg for 2018.

Inntekt frå kraftanlegga i kommunen med tilhøyrande linjer og trafostasjonar har i mange år vore med og sikra at Samnanger kommune har hatt gode økonomiske tilhøve som har gitt innbyggjarane eit godt tenestetilbod. Prinsippet om at naturinngrep skal føra til inntekter i vertskommunen er no under endring. Både forslag om endra grunnrentesats, forslag om endra reglar for verk og bruk og vedtatt kapitaliseringsrente vil redusera eigedomsskatteinntektene i kommunen betydeleg. Dersom forslaga vert vedtatt står kommunen ovanfor store utfordringar i åra som kjem.

MÅLSETTINGAR


- Samnanger ønskjer fleire innbyggjarar
- Samnanger skal ha gode tilbod til innbyggjarar i alle livsfasar

NØKKELFAKTORAR


- Fødselstal
- Innflytting og utflytting
- Alderssamansetnad

BEFOLKNINGSUTVIKLING

Ein middels vekst i **folketalet** dei neste åra vert lagt til grunn dersom ein tek utgangspunkt i tidlegare folketalsvekst. I 2015 var folketalet i Samnanger 2 443. Ved inngangen til 2017 var det 2 488. Ved normalinnvandring kan veksten gje eit overskot på 45 personar i 2020 og det auka folketalet stipulerast til ein auke på 267 personar mot 2040. Dersom ein legg høg innvandring til grunn, kan veksten verte høgare og framskrivast til auke med 396 personar i 2040. Figuren viser alternative framskrivingar av folketalet i Samnanger kommune.




Ser vi på talet **fødde** i kommunen dei siste åra, varierer årskulla år for år. Frå toppår i 2008 og 2016 med rundt 40 fødde ned til rundt 25 barn åra imellom. Framskriving av barnetalet i grunnskulen på bakgrunn av dette gjev ei lita vekst om tidlegare års innvandring òg vert lagt til grunn. Elevtalet i grunnskulen dei neste fire åra vil derfor ligge rundt 300 elevar, som er på nivå med dagens elevtal. Talet barnehagebarn i alderen 1-5 år ligg på rundt 150 barn dei neste åra. Kommunen har god dekning i skulane og barnehagane våre i økonomiplanperioden. Det er heller ein overkapasitet i bygningsmassen om barnetalet held seg stabilt framover.



Befolkninga fordelt på ulike **aldersgrupper** viser ei aldrande befolkning i aldersgruppene 40-79 år. I aldersgruppa 29-39 år er det ei lita auke. Dette er ei viktig aldersgruppe med tanke på vekst i barntalet og få fødselsoverskot. Talet eldre **over 80 år i Samnanger** har gått ned, og det vil verta færre dei neste fire åra. Dette har i utgangspunktet negativ effekt på rammeinntektene, sjølv om det òg vil føra til lågare utgifter.

Innflytting og utflytting - I 2016 hadde Samnanger eit innflyttingsoverskot på 15 personar. Tidlegare år har det vore nærast ein null-sum gevinst. Av innflyttarar var 12 personar innvandrarar.



Frå arrangement i Søvika i samband med Samnanger kommune sitt 100-årsjubileum i 2007.

HOVUDTAL I 2018

- **Tal innbyggjarar:**
⇒ 2 471
- **Netto driftsresultat:**
⇒ Overskot kr 2,1 mill
- **Avsetjing til disposisjonsfondet:**
⇒ kr 1,4 mill
- **Driftsinntekter:**
⇒ kr 216 ,44 mill
- **Driftsutgifter:**
⇒ kr 215,13 mill
- **Netto driftsresultat i % av brutto driftsutgifter:**
⇒ 0,99 %
- **Lånegjeld:**
⇒ kr 224 mill
- **Nye lån i 2018:**
⇒ VA mm kr 8,46 mill
⇒ Startlån kr 2 mill
- **Rente på lån i 2018:**
⇒ 1,6 %

HOVUDTAL 2018 - 2021

I statsbudsjettet for 2018 er det rekna med ein nominell skatteauke på 2,4 % og ein samla pris- og kostnadsvekst (deflator) på 2,6 %. Fylkesmannen i Hordaland si oppsummering av statsbudsjettet ligg vedlagt og detaljane kan lesast der. Det som kan nemnast spesielt, er regjeringa si satsing på helsestasjon og skulehelseteneste, frivilligsentral og tidleg innsats i skule og barnehage. Satsing på tidleg innsats er eit øyremerka tilskot på ca kr 589 000 medan tilskot til helsestasjon- og skulehelseteneste (kr 354 000) og frivilligsentral (kr 392 000) vert tildelt særskilt og inngår i rammetilskotet til kommunen.

Det er lagt inn som ein føresetnad i Samnanger kommune sitt budsjett at skatteutviklinga i 2018 vert som for landsgjennomsnittet.

Eit av måla med budsjettet er å sikra gode tenester for innbyggjarane innanfor rammene av ein sunn økonomi. Det er foreslått endring i statsbudsjettet knytt til eigedomsskatt på verk og bruk. Desse endringane vil få store konsekvensar dei komande åra dersom dei vert vedtatt. Det er ikkje tatt høgde for desse endringane i budsjett og økonomiplan. Dersom endringane vert vedtatt vil inntektene bli redusert frå og med 2019 med 1/5 kvart år. Dette vil gje kommunen tid til å tilpasse seg situasjonen, men er likevel svært alvorleg og vil få konsekvensar for tenestetilbodet.

Tala i tabellen nedanfor er i heile 1.000 kroner (med unntak av prosenttala).

	2017	2018	2019	2020	2021
Driftsinntekt	-206 211	-216 443	-212 525	-211 043	-210 408
Driftsutgift	200 592	215 130	210 377	208 200	208 931
Brutto driftsresultat	-5 619	-1 313	-2 148	-2 843	-1 477
netto driftsresultat	-4 181	-2 146	-1 949	-2 807	-1 661
i % av inntekt	2,03 %	0,99 %	0,92 %	1,33 %	0,79 %
Avsett til disp.fond	3 050	1 395	1 515	2 929	1 138

Premieavviket er med og påverkar resultatet då dette er ei varierende inntekt (negativ utgift) for kommunen.

Kommunen sine inntekter

Den største delen av kommunen sine inntekter kjem frå rammetilskot og skatt. Kommunen har òg betydelege inntekter frå eigedomsskatt.

Skatt og rammetilskot:

Alle tal i tabellen nedanfor er i 1.000 kr (2015 og 2016 er rekneskapstal):

	2015 R	2016 R	2017	2018	2019	2020	2021
Rammetilskot	-76 358	-77 486	-78 334	-79 044	-78 154	-78 231	-77 934
Skjønn	-2 342	-2 607	-2 400	-2 400	-2 400	-2 400	-2 400
Inntektsutjamning	-734	-1 899	-1 726	-1 165	-1 165	-1 165	-1 165
Skatt på inntekt og formue	-57 791	-61 149	-62 751	-66 847	-66 847	-66 847	-66 847
Naturressursskatt	-4 275	-4 382	-4 270	-4 270	-4 270	-4 270	-4 270
Sum	-141 500	-147 523	-149 481	-153 726	-152 836	-152 913	-152 616

Oversikt over korleis rammetilskot vert berekna finn me her:

- <https://frieinntekter.regjeringen.no/frie-inntekter-2018/>

Eigedomsskatt

Det er lagt til grunn eigedomsskatt på verk og bruk og næring med 7 promille og på hus og hytter med 2,4 promille og eit botnfrådrag på kr 100 000. Det er i statsbudsjettet forslått fleire endringar som påverkar inntekt frå eigedomsskatt. Dette er det ikkje tatt høgde for i økonomiplanperioden.

Eigedomsskatt på kraftanlegg: Kommunen har fått melding frå NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat) om at fordelingsnøklane som bestemmer kor stor del av eigedomsskattegrunnlaget som gjeld Samnanger er endra frå og med 2017. Tidlegare fekk Samnanger for eksempel 100 % av eigedomsskattegrunnlaget frå Frøland kraftstasjon. No meiner NVE at berre 91,61 % skal til Samnanger, resten til Kvam. Det er gjort endring i alle fordelingsnøklane med unntak av kraftanlegget Tyssefossen (tidlegare Safa) som framleis er på 100 %. Endringane fører til eit inntektstap i 2018 på kr 350 000. I tillegg fører låge prisar, damreovering og endra grunnrentesats til at eigedomsskattegrunnlaget vert ytterlegare redusert.

Me har bedt LVK (Landssamanslutninga av vassdragskommunar) om assistanse for å sjå på denne endringa for kommunen. Alle tal i tabellen nedanfor er i 1.000 kr (2015 og 2016 er rekneskapstal):

Eigedomsskatt	2015 R	2016 R	2017	2018	2019	2020	2021
Kraftanlegg	-7 138	-5 624	-4 285	-3 074	-3 040	-3 093	-4 353
Andre verk og bruk	-3 867	-4 044	-4 065	-4 065	-4 065	-4 065	-4 065
Næring	-396	-396	-394	-514	-514	-514	-514
Hus og hytter	-4 970	-5 001	-5 050	-5 100	-5 100	-5 100	-5 100
Sum	-16 371	-15 065	-13 794	-12 753	-12 719	-12 772	-14 032

Konsesjonskraft:

Me legg BKK sine prognosar til grunn i budsjettet. Alle tal i tabellen nedanfor er i 1.000 kr (2015 og 2016 er rekneskapstal):

	2015 R	2016 R	2017	2018	2019	2020	2021
Konsesjonskraft	-1 524	-2 375	-3 300	-2 900	-2 700	-2 700	-2 700

Andre inntekter:

Kommunen tok imot 16 flyktningar i 2016 og 4 i 2017. Dette får kommunen tilskot til frå IMDI (Integrerings- og mangfoldighetsdirektoratet). Tilskotet i 2018 er på 3,7 mill. kroner og vert redusert til 0,2 mill. kroner i 2021. Me har valt å budsjettera utgifter og inntekter knytt til flyktningane nøytralt frå og med 2019. Det er knytt ein del usikkerheit til dette. God integrering er ein føresetnad.

Brukarbetaling, sal og leigeinntekter: Mange av desse satsane vert styrt av staten (maksimumssatsar) eller vert avgrensa av reglane om sjølvkost. Det er svært få område kommunen kan ha gevinst ved sal, men me bør ha som mål at dei fleste gebyra er på eit nivå som sikrar sjølvkost.

Kommunen har i fleire år hatt gebyr som sikrar sjølvkost innafor vatn, avløp og slam. Dei siste åra har me òg fått på plass sjølvkost på feiing. Det er òg område der det må inn prisauke utover vanleg prisauke på 3 % for å nærme oss sjølvkost. Dette gjeld for eks SFO og gebyr på teknisk forvaltning.

Sal av sjukeheims plassar: I 2017 har kommunen selt fleire sjukeheims plassar til Os kommune. Denne avtalen er sagt opp frå 2018. Det er ikkje inngått avtale om sal av plassar i 2018, men kommunen er i dialog med fleire kommunar og me har valt å budsjettere med inntekt i heile økonomiplanperioden sjølv om dette framleis er usikkert.

Kommunen sine utgifter


Ca 68 % av kommunen sine driftsutgifter er lønsutgifter. Budsjetterte pensjonsutgifter aukar i 2018 med ca 250 000 kroner som resultat av at 2018 er eit hovudoppgjer for løn. Lønoppgjere er budsjettert samla på ansvar 5200 og det er òg tatt høgde for utgifter knytt til lønsforhandlingar som vart gjennomført hausten 2017. Pott som er knytt til 2017 vil bli fordelt før budsjettet vert endeleg vedtatt.

Kommunen budsjetterer med kjent refusjon på alle einingar og med bufferstillingar på sjukeheim og heimetenester.

Samnanger kommune har dei siste åra investert mykje i bygg, både nybygg og renovering. Dette gjer at avskrivingskostnadene er høge. Avskrivningane har auka frå 8 mill. kroner i 2016 til 12,7 mill. kroner i 2018. I kostra-samanheng vil høge avskrivingskostnader (og nye bygg) slå ut negativt dersom me ikkje går bak tala når me samanliknar oss med andre kommunar.


Lånegjeld og renter

Det er budsjettert med to nye lån i 2018. Nytt startlån på 2 mill kroner og lån til VA og andre investeringar med ei avskrivingsstid på 40 år på til saman 8,46 mill kroner. Startlånet vert tatt opp med ei løpetid på 30 år med 2 avdragsfrie år og VA-lån med ei løpetid på 40 år og 1 avdragsfritt år. Lånegjelda vil ved utgangen av 2017 vere på 224 mill. kroner. Det skal byggast nytt bufelleskap for funksjonshemma på Skottabakken i 2018. Dette vil bli lagt ut på anbod i løpet av 2017 og vil kome opp som eiga sak i kommunestyret. Det skal òg byggast veg i Rolvsvåg industriområde som skal opp som eiga sak i kommunestyret. Desse to låneopptaka er ikkje med i oversikta på neste side.



Årleg kostnad med eit lån på 1 mill kroner vil grovt rekna vere kr 25 000 i avdrag (40 år) og kr 16 000 i rente (1,6 % rente). Det er både i Kommunalbanken og Den norske bank sine prognosar lagt inn forventningar om låg rente i økonomiplanperioden. Det er lagt til grunn ei rente på 1,6 % i 2018 og 1,8 % frå 2019.

Det har vore låg rente på lån i fleire år og den låge rentekostnaden har hatt betydning for kommuneøkonomien dei siste åra. Kommunen har ca 43 % av lånegjelda med fast rente. Det vil vera ein meirkostnad på lån som har fast rente, men fordelten er at kommunen ikkje er så sårbar ved ei evt. renteauke. Det har vore diskutert kor stor del av kommunen si lånegjeld som bør vere med fast rente, men det har vore einigheit om at kommunen bør ta litt risiko og på den måten unngå å betale for mykje i renter og heller bygge seg opp ein buffer på disposisjonsfondet. Med ei lånegjeld på 224 mill kroner og 43 % på bunde rente vil ein renteauke på 0,1 % koste ca 130 000 kroner.




Minimumsavdrag

I kommunelova § 50 står det kva kommunane minimum må betale i avdrag på gjeld. Samnanger kommune betaler meir enn det som det er krav om i lova. Beregning viser at avdrag på lån kan reduserast med kr 500 000 i 2018. Dette frigjer midlar i driftsbudsjettet og har ingen vesentlege konsekvensar for kommunen.

Premieavvik


Kommunen har to pensjonsselskap: SPK (Statens Pensjonskasse) for lærarar og KLP (Kommunal Landspensjonskasse) for sjukepleiarar og andre tilsette. Dei har i år utarbeidd prognoser for premieavvik og bruk av fond for heile økonomiplanperioden som er lagt inn i budsjettet. Netto inntekt frå premieavvik og fond varierer frå 4,4 mill kroner i 2018 til 5,6 mill kroner i 2020 og til 3,1 mill kroner i 2021. Netto premieavvik har stor innverknad på budsjettet til kommunen.



Fond

Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet er kommunen sin buffer for å kunne møte uføresette utgifter eller sviktande inntekter. Dette er pengar som kommunen disponerer fritt og som kan brukast både i drift og investeringsrekneskapen. Etter fleire vanskelege rekneskapår med lite i avsetning til fond, vart det overskot i 2016 som er avsett til disposisjonsfond. Det er òg budsjettert med avsetning til fond i 2017. Dersom rekneskapen for 2017 går i balanse, vil disposisjonsfondet vera på 6 mill kroner pr 01.01.2018. Disposisjonsfondet vil då vera kome opp på eit akseptabelt nivå. Usikkerheit rundt foreslåtte endringar i eigedomsskattelova gjer at det i rådmannen sitt framlegg er avsett midlar til disposisjonsfondet i heile perioden. Alternativet ville vore å bruke av fondet til å finansiere mindre tiltak i drift og investering.



Fond Sima – Samnanger

Bruk av midlane vart bestemt i kommunestyresak 15/12 og det har vore omdisponeringar mellom anna til veg til Totræna og breiband. I økonomiplanperioden er det budsjettert med 5 000 kroner kvart år til musikkbinge og 90 000 kroner til førebyggjande ungdomsarbeid. Saldo pr. 31.12.2021 vil vera 91 437 kroner (musikkbinge) og 129 319 kroner (førebyggjande ungdomsarbeid). Lån frå fondet til mellom anna innføring av eigedomsskatt vil bli tilbakebetalt med 1,5 mill kroner i 2017 og 1,156 mill kroner i 2018.

Næringsfondet

Av fondet vert det gitt tilskot til investeringstiltak både til etablerte verksemder og til verksemder under etablering. Kommunen bruker fondet aktivt til å finansiera eigne tiltak knytt til næringsverksemd og finansierer mellom anna 10 % av stillinga som arbeider mest med næring. I 2018 er det budsjettert med bruk av næringsfondet med totalt kr 404 856. Av dette er kr 100 000 for å gjera ferdig kommuneplan, kr 50 000 er renteutgifter Rolvsvåg industriområde og kr 254 856 er arbeid med næringsføremål. Konesjonsavgift på kr 979 457 vert avsett til fondet kvart år. Disponibelt fond for 2018 er på kr 842 892.

Ubunde investeringsfond

Kommunen har to ubunde investeringsfond (ubunde investeringsfond og nytt ubunde investeringsfond). Budsjettert saldo ved utgangen av 2017 vil vere på om lag 2,6 mill kroner. Det er ikkje budsjettert med bruk av nytt investeringsfond (grøn konsesjon) i 2018. Me forventar å få tilbakeført tippemidlar til krøllgrasbana i 2019 og 2020 med totalt 3,4 mill kroner som skal førast tilbake til dette fondet.

Det er tre investeringstiltak som er foreslått finansiert av ubunde investeringsfond i 2018. Det er PC-skule, utstyr brann og Acos Websak Fokus. I tillegg er det foreslått å finansiere KLP eigenkapitaltilskot med ubunde investeringsfond. Total bruk av fond i 2018 er på 1,3 mill kroner. Forskoting av Tyssetunellen vil bli utbetalt i 2018 og 2019 med kr 1,75 mill kroner og avsett til fond. Disponibelt ubunde investeringsfond for 2018 er 3,56 mill kroner.



Den nye krøllgrasbana i Hagabotnane.

Netto driftsutgifter

Oversikt netto driftsutgifter i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2018 - 2021

Alle tal er i 1 000 kroner. R = rekneskap B = budsjett

	2015 R	2016 R	2017 B	2018 B	2019 B	2020 B	2021 B
Rådmann. Ansvar 11*	3 040	1 064	1 017	1 295	995	945	945
Barnevern. Ansvar 3201	5 993	9 088	5 641	5 693	5 693	5 693	5 693
Næringsføremål/ konsesjonskraft. Ansvar 14*	-1 417	-2 445	-3 257	-2 857	-2 657	-2 657	-2 657
Sum rådmann	7 617	7 708	3 401	4 131	4 031	3 981	3 981

Felles skule og barnehage mm inkl adm. Ansvar 2000	6 037	6 910	7 756	7 326	7 166	7 166	7 166
Barnehage Ansvar 2040	14 367	13 952	13 763	14 206	14 206	14 206	14 206
Barneskulen Ansvar 2210	19 147	18 815	18 734	19 605	19 605	19 605	19 605
Ungdomsskolen Ansvar 2230	9 191	9 817	10 484	10 722	10 702	10 702	10 702
Sum sektor for kultur og oppvekst	48 743	49 493	50 737	51 860	51 680	51 680	51 680

Administrasjon helse og omsorg. Ansvar 30*	0	468	621	633	633	633	633
Funksjonshemma. Ansvar 3100	8 313	9 755	9 643	10 512	10 505	10 505	10 505
Sjukeheim. Ansvar 3110	31 346	24 479	21 028	20 799	20 184	21 234	21 234
Heimetenester. Ansvar 3120	13 406	13 996	14 175	14 628	14 621	14 621	14 621
NAV. Ansvar 3200	3 279	2 645	2 733	3 176	3 176	3 176	3 176
Flyktningekontor Ansvar 3202	4	1 333	2 993	4 000	2 011	1 463	281
Helsetunet. Ansvar 33*	9 241	10 737	11 285	11 600	11 569	11 569	11 969
Sum sektor for helse og omsorg	65 589	63 414	62 478	65 349	62 699	63 201	62 419

Administrasjon samfunn og utvikling. Ansvar 4000	0	779	763	711	711	711	711
Kultur Ansvar 15*	3 312	3 423	3 668	3 759	3 759	3 759	3 759
Teknisk forvaltning. Ansvar 41*	5 809	6 297	6 004	6 609	6 413	6 413	6 413
Teknisk drift. Ansvar 42*	11 562	11 429	13 131	12 160	11 660	11 887	11 887
Sum sektor for samfunn og utvikling	20 683	21 927	23 566	23 240	22 544	22 771	22 771

Administrasjon organisasjon. Ansvar 50*	0	901	963	990	990	990	990
Stabsfunksjonar. Ansvar 51*	3 888	3 581	3 619	4 283	4 266	4 266	4 266
Diverse fellesutgifter. Ansvar 52*	1 248	1 333	3 611	4 650	4 650	4 650	4 650
Sørvisenter. Ansvar 5310	4 900	5 025	5 497	5 535	5 346	5 346	5 346
Politisk nivå og revisjon. Ansvar 5315	2 293	2 265	2 247	2 579	2 696	2 505	2 622
Samnanger kyrkjestyre og andre livssynsorganisasjonar. Ansvar 5320	2 302	2 385	2 531	2 635	2 635	2 635	2 635
Sum sektor for organisasjon	14 632	15 490	18 468	20 672	20 583	20 391	20 509

Sum netto finans ansvar 9*	-157 263	-158 032	-158 650	-165 251	-161 536	-162 023	-161 359
-----------------------------------	-----------------	-----------------	-----------------	-----------------	-----------------	-----------------	-----------------

For nærmare informasjon vert det vist til gjennomgangen av dei einssilde sektorane/områda på dei neste sidene.

HOVUDFOKUS

- Byggje opp ein robust økonomi
- Ta i bruk meir frivilligheit
- Fokus på kvalitetsmål
- Jobbe med å få opp nærværet
- Ha ein effektiv organisasjon
- Verdiprojekt
- Få opp leiarkompetansen i Samnanger kommune sin organisasjon

RÅDMANNEN

Rådmannen si tilråding til netto driftsutgifter i 1.000 kr (2015 og 2016 er rekneskapstal):

	R 2015	R 2016	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
Rådmann. Ansvar 11*	3 040	1 064	1 017	1 295	995	945	945
Barnevern. Ansvar 3201	5 993	9 088	5 641	5 693	5 693	5 693	5 693
Næringsføremål/konse- sjonskraft. Ansvar 14*	-1 417	-2 445	-3 257	-2 857	-2 657	-2 657	-2 657

Årsverk 2018		
Eining/teneste	Årsverk	Merknad
Rådmann	1,00	

Rådmannsgruppa består av rådmannen og fire sektorleiarar. Av desse er det berre rådmannen si løn som blir ført på ansvar 11. Fram til 2015 vart òg mellom anna assisterande rådmann si løn ført på dette ansvaret.

I framlegget til økonomiplan er det lagt inn ei innsparing på ansvar 11 frå og med 2019. Denne innsparinga gjeld i realiteten ikkje utgifter på ansvar 11, men forventa årleg økonomisk innsparing på om lag 250 000 kroner knytt til redusert sjukefråvær i kommunen. Det skal i 2018 gjennomførast eit nærværprosjekt, med målsetting om redusert sjukefråvær i kommunen. Av praktiske omsyn er den forventa innsparinga lagt inn på ansvar 11 i framlegget til økonomiplan. Dette vil bli justert når det er klart kva tenesteområde som oppnår kostnadsreduksjonar som følgje av redusert sjukefråvær.

Midlar til leiraopplæring er budsjettert på ansvar 11. Rådmannen foreslår å setja av midlar til leiaropplæring kvart år i heile økonomiplanperioden.

Barnevern

Samnanger kjøper barneverntenester frå Bergen kommune. I rådmannen sitt framlegg for 2018 er det lagt inn indeksjustering, men ikkje ekstra midlar ut over dette.

Rådmannen si tilråding til netto driftsutgifter i 1.000 kr (2015 og 2016 er rekneskapstal):

	R 2015	R 2016	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
Administrasjon/ saksbehandling	938	1 575	1 440	1 601	1 601	1 601	1 601
Tiltak i familien	390	261	174	414	414	414	414
Tiltak utanfor familien	4 666	7 552	4 027	3 678	3 678	3 678	3 678
SUM	5 993	9 088	5 641	5 693	5 693	5 693	5 692

HOVUDMÅL

Ha god kvalitet på tenestene og gje god sørvis

MÅLSETTINGAR 2018**Stabstenestene**

- Få på plass integrasjon mellom turnussystem og lønssystem
- Gjennomføra nærværprosjekt
- Utvida bruk av digitale verktøy på løns- og personalområdet
- Oppfylla nye personvernkrav som blir innført i mai 2018
- Revisjon av diverse kommunale reglement
- Fullføra arbeidet med internkontrollsystem for informasjonstryggleik
- Revisjon av kommunen si heimeside på internett

Sørvissenteret

- Ta i bruk Websak Fokus
- Ta i bruk ny innsynsløysing
- Ta i bruk løysinga SvarUt/SvarInn
- Fullføra arbeidet knytt til oppgradering av Websak i 2017
- Rydding og systematisering av delarkiv
- Planleggja overgang til elektronisk arkiv
- Fullføra arbeidet med ny arkivplan
- Planleggja nytt arkivlokale

**SEKTOR FOR ORGANISASJON**

Rådmannen si tilråding til netto driftsutgifter i 1.000 kr (2015 og 2016 er rekneskapstal):

	R 2015	R 2016	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
Administrasjon organisasjon. Ansvar 50*	0	901	963	990	990	990	990
Stabsfunksjonar. Ansvar 51*	3 888	3 581	3 619	4 283	4 266	4 266	4 266
Div. fellesutgifter. Ansvar 52*	1 248	1 333	3 611	4 650	4 650	4 650	4 650
Sørvissenter. Ansvar 5310	4 900	5 025	5 497	5 535	5 346	5 346	5 346
Politisk nivå og revisjon. Ansvar 5315.	2 293	2 265	2 247	2 579	2 696	2 505	2 622
Samnanger kyrkjestyre og andre livssynsorganisasjonar. Ansvar 5320.	2 302	2 385	2 531	2 635	2 635	2 635	2 635
Sum sektor organisasjon	14 632	15 490	18 468	20 672	20 583	20 391	20 509

Årsverk 2018		
Eining/teneste	Årsverk	Merknad
Sektorleiar	1,00	
Økonomikontoret	2,90*	Auke frå 1,90 i 2017
Løns- og personalkontoret	2,00	
Sørvissenteret (inkl. IKT)	4,75	
SUM	11,65	

* Det blir i framlegget til økonomiplan foreslått oppretta ei ny 100% stilling i 2018. 50% av denne stillingsressursen blir henta frå tidlegare kultursjefstilling.

Sektor for organisasjon omfattar stabsfunksjonar (økonomikontor, løns- og personalkontor) og eining for sørvissenter, i tillegg til sektorleiar. Budsjettmessig ligg òg politisk nivå og revisjon, diverse fellesutgifter samt tilskot til kyrkjestyret og andre livssynsorgan til denne sektoren.

I tillegg til indeksjustering/konsekvensjustering i forhold til budsjettet for 2017, foreslår rådmannen å oppretta ei ny stilling i rådmannen sin stab i 2018.

Planlagt omorganisering i 2018

Organiseringa av kommuneadministrasjonen er planlagt endra frå januar 2018, ved at sektor for organisasjon då opphøyrer som eigen sektor. Tenestene som i dag ligg i denne sektoren vil då bli ein del av rådmannen sin stab. Sektorleiar går over i ei rådgjevarstilling, men vil framleis ha eit overordna leiaransvar knytt til sørvissenteret sitt ansvarsområde. IKT vil bli skilt ut frå sørvissenteret. Både IKT, økonomikontoret og løns- og personalkontoret vil bli lagt direkte under rådmannen. Denne omorganiseringa får i utgangspunktet ingen økonomiske konsekvensar, og budsjetteringa for 2018 er derfor av praktiske omsyn gjort i forhold til noverande organisering.

Kvalitetsindikatorar

Innanfor sektor for organisasjon er det få kvalitetsindikatorer for Kostra-nøkkeltal og i KF sitt kvalitetsstyrings-system.

Kostra

Byråkratibarometeret er ei årleg rangering av norske kommunar etter kor stor del av ressursbruken som blir brukt i administrasjon. I 2016 vart Samnanger rangert som nummer 209 av 426 kommunar. Barometeret er inndelt i følgjande fem hovudkriteria:

- Lønskostnader til administrasjon pr innbyggjar
- Årsverk innan administrasjon i høve til innbygartalet
- Del av driftsutgifter til administrasjon
- Del av samla kommunale årsverk til administrasjon
- Lønskostnader til politisk styring per innbyggjar

Produktivitet/enhetskostnader 2016 (basert på rekneskapstal frå 2015)					
Administrasjon	Samnanger	KG1	KG3	Fusa	Alvdal
Brutto driftsutg. funksjon 120 administrasjon kr. pr. innbyggjar	5 458	4 814	6 237	4 931	5 979
Brutto driftsutg. til administrasjon i % av tot. brutto utgifter	7,1	6,7	7,2	6,6	7,0
Lønn administrasjon % tot. lønnsutgifter	8,4	6,6	7,4	5,6	5,9
Lønnsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innbyggjar	4 920	3 728	4 999	4 432	4 264
Avtalt årsverk administrasjon pr innbyggjar	0,9			1,34	1,44
Andel av årsverk administrasjon i høve kommunale årsverk. %	10,6			13,70	13,48

Det går fram av tabellen at lønskostnadane til administrasjon i Samnanger ligg om lag som Kommunegruppe 3, medan andel årsverk er lågare enn både Alvdal og Fusa.

Utfordringar (heile sektor for organisasjon)

- Stor og aukande arbeidsmengd
- Eit breitt arbeidsområde/fagfelt skal dekkast av få tilsette
- Behov for digitalisering av tenester og digitalisering/effektivisering av arbeidsprosessar
- Behov for revisjon av diverse administrative planar, reglement m.m.
- Behov for å frigjera tid/ressursar til utviklingsarbeid, arbeid med dokumentasjon, rutinar m.m.

Moglegheiter (heile sektor for organisasjon)

Gjennom å arbeida med tiltak som tydelegare reglar/prosedyrar, arbeidsfordeling og kvalitetsmål vil det vera mogleg å effektivisera drifta i kommuneadministrasjonen på nokre område. Vidare vil truleg meir systematisk planlegging av opplæring/ kompetanseutvikling kunne effektivisera drifta og auka kvaliteten på tenestene.

Arbeid med digitalisering av tenester/arbeidsprosessar må ha høg prioritet i åra som kjem. Det vil på dette området vera nødvendig med ein del investeringar.

Det bør også sjåast på om det er administrative område der Samnanger bør/kan samarbeida med andre kommunar, ut over det me gjer i dag.

STABSFUNKSJONAR

Stabsfunksjonar er i denne samanhengen sektorleiar (rådgjevar med verknad frå 2018), økonomikontoret og løns- og personalkontoret.

Rådmannen si tilråding til netto driftsutgifter i 1.000 kr (2015 og 2016 er rekneskapstal):

	R 2015	R 2016	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
Administrasjon organisasjon. Ansvar 50*	0	901	963	990	990	990	990
Stabsfunksjonar. Ansvar 51*	3 888	3 581	3 619	4 283	4 266	4 266	4 266

Målsettingar i 2018:

I tillegg til hovudmålsettinga om høg kvalitet på tenestene og god sørvis, har stabsfunksjonane følgjande målsettingar i 2018:

- Fullføra arbeidet med nytt delegeringsreglement
- Gjennomføra nødvendige tiltak (kartlegging, dokumentasjon og opplæring) i samband med at det i mai 2018 blir innført nytt regelverk for personvern i Noreg
- Gå gjennom og revidera tenestecomtalane for alle stillingar i sektoren
- Få på plass nytt saksbehandlarreglement
- Medverka i planlegginga av bygging av nytt arkivlokale på kommunehuset
- Medverka i planlegginga av innføring av elektronisk arkiv
- Fullføra arbeidet med internkontrollsystem for informasjonstryggleik
- Revidera kommunen sitt innkjøpsreglement
- Gjennomgang/revisjon av kommunen si heimeside
- Revidera kommunen sitt økonomireglement
- Få på plass integrasjon mellom Shift Manager og Agresso løn
- Gjennomføra nærversprosjekt
- Laga tids-/framdriftsplan for utvida bruk av Agresso Web på løns- og personalområdet
- Revidera kommunen sin overordna opplæringsplan

Tiltak som er med i framlegget til økonomiplan

Følgjande tiltak knytt til stabsfunksjonane er med i framlegget til økonomiplan:

100% stilling som konsulent/rådgjevar (2018)

Arbeidsmengda i delar av kommuneadministrasjonen har gjennom mange år vore for stor. Fleire tilsette har måtte arbeida langt meir enn full stilling for å få utført nødvendige arbeidsoppgåver, og situasjonen er framleis slik også i dag. For å ivareta nødvendige arbeidsoppgåver i administrasjonen er det behov for å auka bemanninga noko. Det blir foreslått å styrka rådmannen sin stab med ei 100% stilling frå 01.01.2018. 50% av denne stillingsressursen blir henta frå tidlegare kultursjefstilling. Det er tenkt at den nye stillinga skal avlasta både økonomisjefen, rådmannen og sektorleiarane på ulike område. Dette gjeld mellom anna oppgåver knytt til budsjettkontroll, internkontroll, rapportering, saksbehandling, prosjektarbeid, opplæring/veiledning til einingane og superbrukaransvar for ulike dataløysingar. I tillegg vil den nye stillinga også arbeida med oppgåver som i for liten grad blir ivaretekne i dag.

Integrasjon mellom Shift Manager og Agresso (2018)

Kommunen har i dag ikkje integrasjon mellom turnussystemet i pleie- og omsorgstenestene (Shift Manager) og lønssystemet (Agresso). Dette gjer at timelister frå Shift Manager må punchast manuelt inn i Agresso. Dette er ei ineffektiv og arbeidskrevjande ordning. Det vert foreslått å få på plass integrasjonsløysing (elektronisk overføring av timelister) i 2018. Det var sett av midlar til dette tiltaket også i 2017, men på grunn av oppgradering til ny versjon av Shift Manager og innkøyringsproblem i samband med dette, er det ikkje praktisk mogleg å gjennomføra tiltaket i 2017.

Datasystem for kontroll med kommunen si behandling av personopplysningar (2018)

I mai 2018 blir EU si forordning for personvern (GDPR) norsk lov. Det betyr at me får nye reglar for personvern i Noreg. Det nye regelverket gir verksemder nye plikter og enkeltpersonar nye rettigheter. For kommunen sin del vil det mellom anna bli strengare krav til oversikt og dokumentasjon av behandling av personopplysningar. Det vil i samband med dette vera mykje arbeid både med kartlegging, opplæring og utarbeiding av rutinar. For å ivareta dette arbeidet vil det vera nødvendig å kjøpa inn eit GDPR-dataverkøy i 2018. Utan eit slikt dataverkøy vil det verta svært krevjande å arbeida med GPDR-krava, samt å dokumentera at kommunen oppfyller krava.

*Avgrensing av publikum sin tilgang til kontor på kommunehuset (2018)*

Sjå informasjon på side 48.

Tiltak som ikkje er med i framlegget til økonomiplan

Det har ikkje vore mogleg å få med alle ønska tiltak innanfor stabsfunksjonane i framlegget til økonomiplan. Her nevner me berre eitt av av desse tiltaka:

Oppgradering av kommunen sitt økonomi- og lønssystem

Leverandøren av kommunen sitt økonomi- og lønssystem Agresso har signalisert at det kan bli nødvendig å oppgradera systemet i 2018, og at ei slik oppgradering vil medføra ein del konsulentutgifter. Pr. i dag veit me ikkje meir enn dette, verken om oppgraderinga må gjennomførast i 2018 eller kostnaden for oppgraderinga.

I løpet av økonomiplanperioden må det gjennomførast ny konkurranse om levering av økonomi- og lønssystem til kommunen. Dette må gjerast seinast i første halvdel av 2020, men helst før dette. Det kan vera aktuelt å samarbeida med andre kommunar om denne konkurransen. Det kan òg vera aktuelt at kommunen går over til å kjøpa lønstenester, i staden for å køyra løn sjølv. Dersom kommunen skal skifta økonomi- og lønssystem, må det truleg påreknast etableringskostnader på rundt 2 millionar kroner. Dette er ikkje lagt inn i økonomiplanen.

DIVERSE FELLESUTGIFTER

På dette ansvaret vert det ført diverse utgifter som ikkje høyrer inn under bestemte einingar eller tenestoområde. Døme på dette er utgifter til forventa lønsauke i samband med lønsoppgjere i 2018, kjøp av bedriftshelsetenester, midlar til velferdstiltak for tilsette, løn til hovudtillitsvalde som har frikjøpt arbeidstid.

Midlar til tilleggsløyvingar blir også normalt budsjettert under diverse fellesutgifter. Det blir ikkje foreslått å setja av midlar på konto for tilleggsløyving i 2018, berre på disposisjonsfondet.

Rådmannen si tilråding til netto driftsutgifter i 1.000 kr:

	R 2015	R 2016	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
Div. fellesutgifter. Ansv. 52*	1 248 *	1 333 *	3 611	4 650	4 650	4 650	4 650

*) Rekneskapstala for «diverse fellesutgifter» i 2015 og 2016 er misvisande i forhold til budsjettala. Årsaka til dette er primært at budsjettmidlane som er sett av til forventa lønsauke blir overført til einingane i løpet av budsjettåret, og blir rekneskapsførte på einingane sine ansvar.

Auken i budsjettsum frå 2017 til 2018 skuldast i hovudsak at det er hovudtariffoppgjere i 2018, og at det som følgje av dette er lagt inn meir midlar til forventa lønsauke i 2018 enn i 2017.

SØRVISSENERET

Eining for sørvissenter har mellom anna ansvar for arkiv, postmottak, ekspedisjon, politisk sekretariat og IKT.

Rådmannen si tilråding til netto driftsutgifter i 1.000 kr (2015 og 2016 er rekneskapstal):

	R 2015	R 2016	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
Sørvissenter. Ansvar 5310	4 900	5 025	5 497	5 535	5 346	5 346	5 346

Sørvissenteret er planlagt omorganisert i 2018. IKT skal ikkje lenger vera ein del av sørvissenteret, men leggast direkte under rådmannen. Budsjetteringa for 2018—2021 er likevel gjort i forhold til noverande organisering, av praktiske omsyn.

Utfordringar:

- Stor auke i dokumentmengd dei siste åra har gitt stor auke i arbeidsmengd
- Det meste av arbeidstida går til driftsoppgåver. Vanskeleg å prioritera utviklings-/planleggingsarbeid.
- Mykje arbeid med gjennomgang og systematisering av delarkiv frå einingane
- Stor auke i arbeidsmengd knytt til innsynsførespurnader/innsynskrav
- Sprengt kapasitet i bortsetjingsarkivet på kommunehuset
- Viktig å få på plass fleire digitale tenester og arbeidsprosessar
- Informasjonstryggleik

Samnanger har enno ikkje gått over frå papirarkiv til elektronisk arkiv, slik mange andre kommunar har gjort. Dette gjer at arbeidsmengda ved sørvissenteret blir unødvendig stor, fordi kopiering, arkivering og kontroll med papir krev mykje tid/mange arbeidsoperasjonar.

Målsettingar i 2018:

I tillegg til hovudmålsettinga om høg kvalitet på tenestene og god sørvis, har sørvissenteret følgjande målsettingar i 2018:

- Halda fram arbeidet med rydding og systematisering av delarkiv
- Fullføra arbeidet knytt til oppgraderinga av WebSak som vart gjort i 2017 - nye malar, brukarrettleiingar m.m.
- Ta i bruk WebSak Fokus i kommunen
- Ta i bruk ny innsynsløysing (Acos Innsyn)
- Fullføra arbeidet med ny arkivplan
- Medverka i planlegginga av bygging av nytt arkivlokale på kommunehuset
- Laga tids-/framdriftsplan for overgang til elektronisk arkiv
- Ta i bruk SvarUt/SvarInn

Tiltak som er med i framlegget til økonomiplan

Følgjande tiltak knytt til sørvissenteret er med i framlegget til økonomiplan:

System for elektronisk utsending og mottak av brev (2018)

Kommunesektorens organisasjon (KS) har i fleire år tilbode norske kommunar å bruka løysinga SvarUt/SvarInn. Dette er ei løysing som gjer at dokument kan sendast elektronisk mellom kommunen sitt saksbehandlingsystem og for eksempel Altinn (innbyggjarar får brev frå kommunen i innboksen sin i Altinn). Om lag 350 kommunar har teke i bruk SvarUt / SvarInn. Samnanger er ikkje ein av desse, men me ønskjer å ta løysinga i bruk i 2018.

Acos Innsyn (2018)

På kommunen si heimeside blir det lagt ut postjournal for dei 3 siste månadane. Innsynsmodulen me brukar er ein gammal versjon. Leverandøren kom med ny versjon allereie i 2014, med forbetra brukargrensesnitt. Det er ønskeleg å oppgradera til den nye versjonen i 2018.

Ny backupserver (2018)

I Samnanger driftar me dei fleste datasystema våre sjølv. Me har relativt mange serverar og det er behov for å skifta desse ut jamleg, mellom anna for å sikra stabil drift. Det er i 2018 behov for å skifta hovudserveren for kommunen si backupløysing. Delar av kostnaden kan dekkast av driftsbudsjettet til IKT, men det er nødvendig med tilleggsfinansiering på om lag halvparten av kostnaden.

WebSak Fokus (2018) - investeringstiltak

Sjå side 49 for informasjon om dette tiltaket.

Utsifting av elev-PC'ar (2018 – 2021) - investeringstiltak

Sjå side 49 for informasjon om dette tiltaket.

Tiltak som ikkje er med i framlegget til økonomiplan

Det har ikkje vore mogleg å få med alle ønska tiltak i framlegget til økonomiplan. Her nevner me to slike tiltak:

Nytt arkivlokale (bortsetjingsarkiv)

Kapasiteten på det noverande spesialrommet for arkiv/bortsetjingsarkivet på kommunehuset er sprengt. Det er ikkje mogleg å byggja ut/utvida det eksisterande arkivlokalet. Det er heilt nødvendig å finna ei løysing. Den beste løysinga vil truleg vera å byggja eit nytt og større arkivlokale på kommunehuset. Dette vil kreva ein del midlar, mellom anna fordi det er strenge krav til mellom anna brannsikring av slike lokale.

Ny kommunal heimeside

Kommunen si noverande heimeside vart sett opp/lansert i 2011. Oppsettet/oppbygginga av heimesida har ikkje vorte vesentleg endra etter dette. Dei fleste nye kommunale heimesider vert i dag sett opp på ein annan måte enn i 2011, og Samnanger si heimeside er på mange måtar allereie «på overtid».

POLITISK NIVÅ OG REVISJON

Politisk nivå og revisjon omfattar kommunestyret, formannskapet, ulike råd og utval, gjennomføring av val, stønad til politiske parti og kjøp av revisjonstenester.

Rådmannen si tilråding til netto driftsutgifter i 1.000 kr (2015 og 2016 er rekneskapstal):

	R 2015	R 2016	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
Politisk nivå og revisjon. Ansvar 5315.	2 293	2 265	2 247	2 579	2 696	2 505	2 622

Det er i rådmannen sitt budsjettframlegg for 2018 ikkje lagt opp til endra aktivitet under politisk nivå og revisjon.

I gjeldande økonomiplan (2017-2020) ligg det inne ei innsparing i utgifter til møtegodtgjersle for folkevalde i neste valperiode (frå og med 2020). Utgangspunktet for dette er ein reduksjon i tal kommunestyrerepresentantar og medlemmer i formannskapet og eventuelt naturutvalet i neste valperiode (2020 – 2023). Det vert i økonomiplan- framlegget for 2018 – 2021 foreslått å redusera talet på folkevalde meir i neste valperiode enn det som ligg til grunn i gjeldande økonomiplan. Sjå nærmare informasjon nedanfor, under avsnittet «Tiltak som er med i framlegget til økonomiplan».

Kontrollutval og revisjon

Kontrollutvalet har sendt framlegget sitt til budsjett 2018 for revisjon og kontrollutval til kommunen. Dette framlegget vert ikkje teke stilling til av rådmannen, rådmannen legg berre inn ei indeksjustering. Rådmannen har teke utgangspunkt i løyvinga til revisjon og kontrollutval i 2017 (604 859 kroner), og trekt frå ekstramidlane på 80.000 kroner som vart gitt til forvaltningskontroll i 2017 (604 859 minus 80.000 er 524 859 kroner). I rådmannen sitt framlegg for 2018 er summen på 524 859 kroner indeksregulert med 3%, til om lag 535 000 kroner. Kontrollutvalet ber i framlegget sitt om ei løyving på 711 670 kroner i 2018. Det er primært på forvaltningsrevisjon og selskapskontroll det er avvik mellom rådmannen sitt utgangspunkt og kontrollutvalet sitt framlegg.

I kontrollutvalet sitt budsjettframlegg ligg det ikkje inne midlar til auka sats for møtegodtgjersle, slik formannskapet har foreslått for kommunestyret og utvala. Rådmannen har lagt auka møtegodtgjersle til kontrollutvalet, i samsvar med formannskapet sitt forslag, inn som tiltak i budsjettframlegget sitt.

Tabell med oversikt over rådmannen og kontrollutvalet sine framlegg til budsjett for 2018 (tal i 1 000 kr):

	Rådmannen sitt framlegg		Kontrollutvalet sitt framlegg	
	B 2018		B 2018	Merknad
Revisjon. Funksjon 1100	155	Indeksjustert med ca. 3%	158	
Kontrollutval. Funksjon 1101	380	Indeksjustert med ca. 3%	553	
SUM	535		711	

Heile budsjettframlegget frå kontrollutvalet ligg som som vedlegg til rådmannen sitt framlegg.

Tiltak som er med i framlegget til økonomiplan

Følgjande tiltak knytt til politisk nivå og revisjon som er med i framlegget til økonomiplan:

Reduksjon i tal folkevalde (2019/2020)

I den vedtekte økonomiplanen for perioden 2017-2020 er det lagt inn ei økonomisk innsparing for reduksjon i tal folkevalde i neste kommunestyreperiode (frå hausten 2019). Det må takast stilling til om denne innsparinga/dette tiltaket skal vidareførast/endrast i økonomiplanen for perioden 2018-2021. Rådmannen foreslår følgjande tal folkevalde i neste kommunestyreperiode: kommunestyret 15 medlemmer (21 i dag), formannskapet 5 medlemmer (9 i dag), naturutvalet 5 medlemmer (7 i dag), kontrollutvalet 4 medlemmer (5 i dag).

Utsifting av nettbrett for folkevalde (2019)

Sjå side 49 for informasjon om dette tiltaket.

Auka godtgjersle til folkevalde

Formannskapet vedtok 19.10.2017 tilråding til kommunestyret om auke i godtgjersle til folkevalde i 2018. Årleg kostnad dersom dette tiltaket blir gjennomført vil truleg bli om lag 430.000 - 440.000 kroner. Dette tiltaket ligg inne i rådmannen sitt framlegg.

KYRKJESTYRE OG LIVSSYNSORGANISASJONAR

I budsjettsamanheng omfattar «kyrkjestyre og livssynsorganisasjonar» tilskot frå kommunen til kyrkjestyret/ Samnanger sokn og livssynsorganisasjonar.

Rådmannen si tilråding til netto driftsutgifter i 1.000 kr (2015 og 2016 er rekneskapstal):

	R 2015	R 2016	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
Tenesteyting	40	40	40	70	70	70	70
Samnanger kyrkjestyre	2 149	2 200	2 521	2 412	2 412	2 412	2 412
Sum Samnanger kyrkjestyre	2 189	2 240	2 561	2 482	2 482	2 482	2 482
Tilskot til tru- og livssynssamfunn	113	145	150	153	153	153	153
Sum ansvar 5320	2 302	2 385	2 711	2 635	2 635	2 635	2 635

Samnanger kyrkjestyre

Kyrkjestyret har oversendt framlegget sitt til budsjett for 2018 til kommunen. Dei ber der om ei løyving på 2 545 800 kroner. Dette er ein auke på 204 000 kroner i forhold til løyvinga i 2017. Tenesteyting frå kommunen kjem i tillegg til summen på 2 545 800 kroner. Heile budsjettframlegget frå kyrkjestyret ligg som vedlegg til rådmannen sitt framlegg.

Tabell med oversikt over rådmannen og kyrkjestyret sine framlegg til budsjett for 2018 (tal i 1 000 kr):

	Rådmannen sitt framlegg		Kyrkjestyret sitt framlegg	
	B 2018	Merknad	B 2018	Merknad
Tenesteyting	70	Auke på 30 000 kroner	120	
Samnanger kyrkjestyre	2 412	Indeksjustering på ca. 3%	2 545 *	Kyrkjestyret ber i tillegg om ei utvida ramme til vedlikeholdstiltak.
SUM	2 482		2 665 *	

I tillegg til løyvinga på 2 545 800 kroner ber kyrkjestyret om ei utvida ramme (tilleggsmidlar) til vedlikeholdstiltak og investeringar som dei meiner er nødvendige å få gjort. Ei liste over tiltaka følgjer i eit eige avsnitt lenger nede på denne sida. Kyrkjestyret skriv òg at det hadde vore ein fordel for dei å hatt ein større, fast pott til vedlikehald (minst 200 000 kroner årleg), som kunne disponerast der det er trong for det. I dag må kyrkjestyret be om tilleggslyyving for å kunne gjennomføra tiltak med større kostnad.

I rådmannen sitt framlegg er det lagt inn indeksjustering på 3% i forhold til vedteke budsjett for 2017. I tillegg er det lagt inn ein auke i summen for tenesteyting frå kommunen (kyrkja betalar for tenester som kommunen yter for dei - rekneskapsføring, lønskøyning, IKT-tenester og snøbrøyting). Kyrkja har dei siste åra betalt 40 000 kroner pr. år for desse tenestene. Dette ligg truleg ein god del under «marknadspris». Kyrkjestyret foreslår i budsjettframlegget sitt at summen for tenesteyting blir auka til 120 000 kroner pr. år. I rådmannen sitt framlegg er det lagt inn auke til 70 000 kroner.

Dersom det vert sett vekk frå tilleggsmidlane til vedlikeholdstiltak og investeringar som kyrkjestyret har bedt om, er differansen mellom kyrkjestyret og rådmannen sine budsjettframlegg for 2018 i utgangspunktet 183.800 kroner. Dersom det vert justert for skilnaden i foreslått budsjettsum til tenesteyting, er differansen 133.800 kroner.

Det er i rådmannen sitt framlegg ikkje lagt inn tilleggsmidlar til vedlikeholdstiltak eller investeringar. Kyrkjestyret har i framlegget sitt lagt inn følgjande prioriterte vedlikeholdstiltak/investeringar som dei søker om utvida ramme til:

Prioritet	Tekst	Kostnad
1	Sikring av rasfarleg fjell bak kyrkja på Haga..	30 000
2	Montering av utvending brannalarm på Ådland kyrkje	60 000
3	Utskifting av lysarmatur i kyrkja på Haga	80 000 - 150 000
4	Nytt sikringsskåp i kyrkja på Ådland	80 000 - 100 000
5	Reparasjon av taket på bårhuset	30 000
6	Ombygging av handikaptalett i bårhuset	200 000
7	Skifte av lås-system i kyrkjene	50 000

I tillegg til dei prioriterte tiltaka ovanfor har kyrkjestyret òg lista opp følgjande uprioriterte tiltak:

- Lakkering/oljing av golv i kyrkja på Ådland, kostnad 45 000 kroner.
- Ringjeanlegg på Ådland, kostnad 150 000 kroner.
- Enøktiltak - Varmepumpe / varevindauga / straumforsyning - Ådland kyrkje, kostnad 500 000 - 700 000 kroner.
- Brannsikring/overrislingsanslegg til kyrkja på Ådland, antatt kostnad om lag 1 500 000 kroner.

Tilskot til tru- og livssynssamfunn

Kommunen betalar kvart år ut tilskot til diverse tru- og livssynssamfunn, etter reglane i Lov om tilskott til livssynssamfunn og Lov om trudomssamfunn og ymist anna. I 2017 er det utbetalt om lag 153 000 kroner. Rådmannen foreslår dette som budsjettsum òg for 2018. Dette er ein auke på 3 000 kroner i forhold til budsjettet for 2017.

Utgiftene til tilskot til tru- og livssynssamfunn blir påverka av storleiken på kommunen sitt tilskot til Samnanger kyrkjestyre. Dersom tilskotet til kyrkjestyret går opp, vil òg utgiftene til tilskot til tru- og livssynssamfunn auka.



Haga kyrkje.



Ådland kyrkje.

HOVUDMÅL

Ha god kvalitet på tenestene og gje god sørvis

Samfunn og Folkehelse

- Vera eit levande og klimanøytralt lokalsamfunn
- Fleire leveår med god helse for alle
- Auka samarbeid gjennom frivilligheit

Teknisk forvaltning

- Framtidsretta arealforvaltning

Teknisk drift

- Tilfredsstillande drikkevatt
- *hygienisk kvalitet og leveringsstabilitet*

Kultur

- Auke livskvaliteten gjennom auka kulturaktivitetar og fysisk aktivitet

SEKTOR FOR SAMFUNN OG UTVIKLING

Rådmannen si tilråding til netto driftsutgifter i 1.000 kr (2015 og 2016 er rekneskapstal):

	R 2015	R 2016	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
Administrasjon samfunn og utvikling. Ansvar 4000	0	779	763	711	711	711	711
Kultur Ansvar 15*	3 312	3 423	3 668	3 759	3 759	3 759	3 759
Teknisk forvaltning. Ansvar 41*	5 809	6 297	6 004	6 609 *	6 413	6 413	6 413
Teknisk drift. Ansvar 42*	11 562	11 429	13 131	12 160	11 660	11 887	11 887
Sum sektor for samfunn og utvikling	20 683	21 927	23 566	23 240	22 544	22 771	22 771

*) Ramma på teknisk forvaltning er auka med utstyr til brann og redning, det nye «Brannsamrådet Bergen Vest» og opplæring av nytt brannmannmannskap.

Samfunn og utvikling er eit tenesteområde med sektorovergripande arbeidsoppgåver knytt til samfunnsutvikling, næringsutvikling, landbruksteneste, beredskap, folkehelse, kultur og tekniske oppgåver. Til tekniske tenester ligg forvaltningsoppgåver innan bygge- og delingssaker, oppmåling, plan og miljø. I tillegg kjem drift av kommunale eigedommar, veg, vatn og avløp. Nybygg og investeringsprosjekt er òg lagt til sektoren.

I følgje Kommunebarometeret for 2016 ligg Samnanger heilt i toppsjiktet innan saksbehandling og er inne på Topp 100-lista for dei indikatorane som gjeld miljø og ressursar. Kommunen har sine svakaste plasseringar innan vatn, avløp og renovasjon (400. plass), og kultur (377. plass).

Mål

Det er fastsett mange nasjonale og lokale føringar, som gjev ei rekkje målsettingar for denne økonomiplanperioden:

- Drift og forvaltning av tekniske anlegg skal skje på ein god og tenleg måte.
- Drive framtidsretta arealforvaltning.
- Oppfylle lovpålagt krav om sakshandsaming innan dei ulike tenesteområda skal verte følgt opp.
- Ha minst mogleg lekkasjar på årleg vassforbruk.
- Unngå driftsstans i pumpestasjonar.
- Auke talet abonnentar til kommunalt vatn og avløp.
- Alle skular og barnehagar skal vere godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern.
- Alle planar innan sektoren skal rullerast og verte revidert kvart 4. år.
- Framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel og klimaplan skal vere klart for politisk handsaming.
- Oppgradere sakshandsamarsystemet og digitalisere arkivet.
- Digitalisering av kart.
- Alle bustader, fritids- og næringsbygg skal ha offisiell adresse.
- Opprette frivilligsentral og gjere biblioteket attraktivt som møteplass.
- Legge til rette for nærings- og bygdeutvikling.
- Etablere møteplass som samlar næringslivet.

Status

Ei framtidiretta og godt planlagt arealforvaltning er nødvendig for å imøtekomma innbyggjarane og dei andre tenesteområda sine behov for å driva utvikling av kommunen. Ny arealdel i kommuneplanen legg til grunn gode føringar på kommunen si satsing på framtidig bustadsatsing og næringsutvikling. Trafikksikringsplanen vert og eit viktig grunnlag for Samnanger sin klima- og miljøratsing, og det er viktig med eit godt drikkevatt og stabil vassforsyning. Til saman er dette med å gje eit godt omdømme av kommunen.

Sektoren for samfunn og utvikling har eit stort og omfattande tenesteområde som i mange tilfelle går over i kvarandre. Målet er å verte flinkare til å kople dei ulike fagpersonane på tvers, verte meir effektive og få betre samhandling internt mellom tenestene. Mykje av sakshandsaminga og kartmaterialet vert ytterlegare digitalisert og skal dermed verte meir tilgjengeleg for innbyggjarane å finne fram og søkje i sjølv. Informasjon ut til innbyggjarane vert difor svært viktig, og føreset at heimesida til kommunen òg vert meir lettfatteleg og oversiktleg. SvarUt og SvarInn gjennom Altinn kjem for å erstatte brevkorrespondanse. Når det gjeld investeringar vil fornying av leidningsnett på Indre- og Ytre-Tysse auke kvaliteten på både avløpsida og vassforsyninga. I framtidige prosjekt har kommunen moglegheit til å nytta eigne ressursar i tekniske tenester til noko prosjektering og byggeleing.

**Mål og ambisjonar for sektor for samfunn og utvikling**

Mål	Målast ved	Siste måling	Ambisjon
VATN			
Tal på innbyggjarar tilknytta kommunal vassforsyning	SK/KOMMfak	1 450 hus	+20
Gjennomsnittlig årlig avbruddstid i vassforsyning (totalt)	Kostra/KF/KB	0,01	0
Andel fornya ledningsnett, gjennomsnitt for siste tre år	Kostra/KF/KB	Bjørkheim	Indre/Ytre Tysse
E.coli: Andel innbyggjarar tilknytta kommunalt vassverk med tilfredsstillande prøveresultat %	Kostra/KF/KB	100	100
Intestinale enterokokker (IE): Andel innbyggjarar tilknytta kommunalt vassverk med tilfredsstillande prøveresultat	Kostra/KB	100	100
Farge: Andel innbyggjarar tilknytta kommunalt vassverk med tilfredsstillande prøveresultat	Kostra/KF/KB	100	100
pH: Andel innbyggjarar tilknytta kommunalt vassverk med tilfredsstillande prøveresultat	Kostra/KF/KB	88	100

Mål	Målast ved	Siste måling	Ambisjon
AVLØP			
Talet på innbyggjarar tilknytta kommunalt avløpsnett	SK/KOMMfak	1 119 hus	+30
Antall kloakkstopper i avløpsledningar og kummer per kilometer spillvassnett	Kostra/KF/KB	Bjørkheim	Indre/Ytre Tysse
Fornya ledningsnett- avløp, gjennomsnitt for siste tre år	Kostra/KF/KB	Bjørkheim	Indre/Ytre Tysse

Mål	Målast ved	Siste måling	Ambisjon
KOMUNALE VEGAR (INKL. BRUER OG KAIER)			
Kantklipp langs kommunale vegar	Telje vegar	10 km	20 km
Fjellreinsk langs kommunale vegar	Telje vegar	1km	2km
Rekkverk	Telje vegar	2km	3km
Utbetre bruer	Telje bruer	1	1

Mål	Målast ved	Siste måling	Ambisjon
EIGEDOM			
Registrere og etablere avviksystem HMS	Telje avvik	0	5
Utbetre uteområda i barnehagane	Nye leikeapparat	2	4
Utbetre toalett i bassengbygget	Oppstart jan 2018	Oppstart jan 2018	Ferdig des 2018

Mål	Målast ved	Siste måling	Ambisjon
PLAN, BYGGESAK, KART OG OPPMÅLING			
Innføre digitalt arkiv, acos fokus, digitale kart			Oppstart jan 2018 Ferdig des 2019
Lage utkast planstrategi for kommunen			Oppstart jan 2018 Framlegg juni 2018
Lage utkast samfunnsdelen kommuneplan			Oppstart jan 2018 Framlegg juni 2019
Ingen oppmålingsforretningar skal overskride lovpålagt tidsfrist for gjennomføring	Telje	0	0

Mål	Målast ved	Siste måling	Ambisjon
KULTUR/FOLKEHELSE			
Etablere frivilligsentral – samarbeid frivillige			Oppstart jan 2018
Aktivitetar i biblioteket - meirope	Telje	3	10
Søkje tilskot til aktivitetar og arrangement	Telje	40%	100%

Mål	Målast ved	Siste måling	Ambisjon
BEREDSKAP OG INTERNKONTROLL			
Gjennomføre øving i beredskap i samarb med brann		0	1
Utarbeide prosjekttale for prosjekt	Telje	50%	100%

Status for tenesteområda

TEKNISK DRIFT

Teknisk drift har med kreative og smarte løysingar fått gjennomført og avslutta ei rekkje prosjekt ved å «vri» maksimalt ut av kvar krone.

Eigedom

Nye bygg har avanserte styringssystem. Dette sett i langt større grad enn tidlegare høgare krav til både sertifisering og fagleg oppdatering av driftspersonellet. Det er oppretta brukaravtalar for alle bygga, der både brukar og eigedomsforvaltar har stort fokus på både energi og klima, og det er gjort ei rekkje energisparande tiltak. Mykje areal pr. brukar samanlikna med andre kommunar fører til høge kostnader for skule- og barnehagelokala. I kommunebarometeret slår dette negativt ut for drift av eigedom, der fokus er på klima, energiforbruk og reinhaldskostnader. Medan det på skule- og barnehageområdet gjev positivt utslag med mykje leikeareal. Dersom reinhaldskostnaden skal kunne gå ned, må det skje med reduksjon av arealet. Stenging av ulike rom er vurdert, men det er først ved utfasing av bygga at det vert ein vesentleg kostnadsreduksjon. I økonomiplanperioden bør kommunen starta arbeidet med ein ny skule- og barnehagebruksplan som kartlegger det framtidige arealbehovet.

Bassenget opnar etter haustferien og held ope til rett før 1. mai, med høve for bading kvar tysdag, onsdag og torsdag. Teknisk er pålagt til å gjennomføra 3 prøvetakingar kvar dag desse dagane. Når bassenget er stengt utfører teknisk vedlikehaldsarbeid på andre bygg. Ny læreplan i symjing for 7 trinn vert innført på hausten 2018, og behovet for opningstider i bassenget bør verte vurdert på nytt til våren.

Det er ønskeleg med ein større årleg vedlikehaldspott enn i dag for å sikre framtidig god standard på alle bygga. Det er ikkje sett av ein slik pott i 2018, men det er lagt inn midlar til nokre tiltak, i tillegg til ordinære vedlikehaldsmidlar. Dei høgast prioriterte vedlikehaldstiltaka er tak og toalett i bassengbygget, samt drenering på baksida av bygget. Alle desse tiltaka ligg inne i rådmannen sitt framlegg. Det er og eit ønskje å auke budsjettet med 220 000 kroner hovudsakleg til ein «grøntmann» (ca 25% stilling) til vedlikehald av kommunale parkar, uteområde og leikeplassar. Det er ikkje lagt inn midlar til dette i budsjettet.

Satsane for husleige i kommunale bustader vert foreslått indeksregulert med 3% i 2018. Dato for reguleringa vert i samsvar med inngåtte husleigekontrakter.

Vegar

Det er vedteke at kommunen ikkje skal nytte sprøytemiddel på ugras og kantvegetasjon. For å sikre trafikktryggleiken er det no sett av ressursar og investert eige utstyr til nødvendig kantklypp langs kommunale vegar. Det er òg sett av 300 000 kroner til vedlikehald og reasfaltering av kommunale vegar. Mykje av vegvedlikehaldet kan ikkje knytast opp mot investering og kommunen må nytta driftsmidlar til dette.

Vegen opp Hagabakkane til Hagabotnane er i 2017 trafikksikra med rekkverk, fjellreinska og det er sett opp nye lys. Utbetring av lommer er under arbeid. I følge trafikksikringsplanen bør det ikkje verte lagt til rette for omfattande gjennomkøyring av bustadområdet. For å avlaste vegen er det lagt inn gangsti med fast dekke og lys frå idrettsanlegget mot Steinsland/Gjerde i investeringsbudsjettet. Sett i eit folkehelseperspektiv er dette eit viktig tiltak for å auke aktiviteten og attraktiviteten til idrettsanlegget. Første steg for å få ny veg til Hagabotnane er å lage reguleringsplan for tiltaket (ca 500 000 kroner). Funn i reguleringsplanen vil sette kalkyle for kostnaden med prosjektet. Dette er ikkje funne rom for i denne økonomiplanperioden.

Sjølvkost

Samnanger kommune har som prinsipp at så langt det er mogeleg skal det vera full sjølvkost på alle gebyrområde der sjølvkost set den øvre ramma for brukarbetaling. Sjølvkostområdet omfattar vatn, avløp, slam og feiing. Kommunen har 100% dekking av utgiftene på vatn og slam. Gebyr og tilknytingsavgifta for vatn og slam i 2018 vert ikkje auka. På avløpsnettlet er det lagt inn ei auke på 5% på avløpsgebyret i 2018 til å finansiere fornying av ledningane.

Utsiftinga av leidningsnett i kommunen går framleis i lågt tempo, noko som trekker ned skåren på kommunebarmometeret. Høge gebyr på vatn trekker og ned, samstundes som god kvalitet og fornying av leidningsnett gjev positivt resultat.

Samnanger har investert relativt mykje i offentleg vassanlegg tidlegare år og har høge vassgebyr. Samstundes har me svært god kvalitet på vatnet som vert levert. Det vert derfor viktig at dei innbygarane som ligg innanfor påkoplingskravet vert likehandsama og at avgifta vert fordelt på flest moglege abonnentar.

Utbygging av VA-anlegget på Bjørkheim i 2017 har no kapasitet til ytterlegare fleire nye abonnentar i både eksisterande bustader og nybygg. Det har ikkje vore kapasitet før no i 2018 å starte neste større utbygging av ny vassleidning og avløp på Indre- og Ytre-Tysse. Det er særleg på Indre-Tysse det har vore fleire brot på både vass- og Avløpsleidningar, og mykje av dette nettet har ein alder opp mot 65 år. Kommunen kan spora opp leidningsbrot, og arbeider mykje med å kartlegge kva delar av avløpsnett som må fornyast. Brot på avløpsleidningar resulterer ofte i miljøforureining med risiko for helse og miljø. Responstida for utbetring er låg, og på kalde dagar er det avdekka ein del frosttapping og tapping i brønn. Dette fører til stor slitasje på vassverket i Myra, og det vert arbeidd med tiltak for å forhindra dette.

I 2018-19 er det sett av 3 millionar kroner til nytt leidningsnett for avløp på Indre- og Ytre-Tysse i investeringsbudsjettet. For å sikre vatn til Ytre-Tysse må sjøleidningen skiftast ut eller me må finne anna løysing som erstattar denne. Tiltaket er estimert til ca 700 000 kroner. Høgdebassenget i Nordbygda tilfredsstiller ikkje krav frå Mat-tilsynet, og må erstattast eller rehabiliterast. For å få dette til, må det òg byggast ny veg fram til bassenget, og tiltaket er estimert til ein kostnad på kr 1,3 millionar kroner.

Eit anna viktig tiltak som ikkje er prioritert i 2018 - som er under utgreiing - er å legge til rette for tilkopling av kommunal kloakk med pumpestasjon og sjøleidning frå Ådland til slamavskillar ved Skottabakken. Dette tiltaket har stor miljøgevinst.

Kostra-nøkkeltal 2016 - Tekniske tenester

Dekningsgrad	S-2016	KG3	KG1	Alvdal	Fusa
Gang- og sykkelveg i km som er kommunalt ansvar pr 10.000 innb	20	12	19	20	8
Andel av befolkninga som er knytt til vassforsyning	57,6			61,0	26,4
Andel av befolkninga som er knytt til avløpsteneste	44,5			54,5	48,8
Produktivitet/einheitkostnader					
Korr. brutto driftskostnader kommunal eigeomsforvaltning pr kvm	1 006	978	844	631	998
Samla areal formålsbygg pr innb, kvm	5,4	7,6	5,7	7,2	5,0
Utgifter reinhald pr kvm	231	126	152	0	17
Energikostnader komm.eigedomar pr kvm	104	118	106	179	177
Årsgebyr vassforsyning eskl mva	7 210	3 555	4 150	1 316	6 204
Årsgebyr avløpstenesta eskl mva	2 628	3 695	4 602	3 912	4 062
Årsgebyr avfallstenesta eskl mva	1 700	2 955	2 629	2 708	1 737
Tilknytingsgebyr vatn eskl mva ein sats	11 615		5 000/10 000		9 993
Tilknytingsgebyr avløp eskl mva	11 735		5 000/10 000		15 270
Utdypande tenesteindikatorar					
Andel fornya leidningsnett vatn %	0			1	0,93
Andel fornya leidningsnett avløp %	0			0	0
Andel total vassleveranse lekkasje %	15			21	21

TEKNISK FORVALTNING

Plan

På plansida har aktiviteten i stor grad vore knytt til å få gjennomført og få ferdig utkast til arealdelen i kommuneplanen. Dette har vore ein tung og arbeidskrevjande prosess, og det har vore nødvendig å knytte til seg nærast ein 100% ekstra planstilling. Tidleg i 2018 bør kommunen starta opp arbeidet med ny planstrategi og prioritera kva planar som skal reviderast eller kome dei neste fire åra. Arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen bør rulle- rast i 2018. Dette arbeidet bør forenklast der det er mogleg for å få det gjennomført i løpet av året. Både denne planen og andre framtidige planar bør framstå som lettlest og vera lett tilgjengelege for folk flest. For at kommuneplanarbeidet ikkje skal verte for stort og krevjande vil det krevje kontinuerleg arbeid med desse planane og revisjon av desse kvart 4. år.

Det er nødvendig å hente inn særskilt plankompetanse til arbeidet med klimaplan. I 2018 er det lagt inn ekstra løyving til dette arbeidet. Arbeidet med å digitalisera kart og planar er starta opp og held fram.

Byggesak

I 2017 har det vore nedgang i talet byggesaker, medan talet på tilsyn og oppfølging aukar. I 2018 vert noko av Stillingsressursen òg brukt i samband med byggeleing og prosjektering. Dette er kompetanse som kommunen tidlegare i større grad har kjøpt eksternt.

Kart og oppmåling

På oppmåling har etterspørselen gått noko ned, medan arbeidet med oppdatering og digitalisering av kart har fått høg prioritet. Tidlegare år har kommunen sjølv fått utført mange kartforretningar, utan at kommunen er fakturert for dette. Intern fakturering vil verte innført.

Kostra-nøkkeltal 2016 - Plan, byggesak og oppmåling

Prioritering	S-2016	KG3	KG1	Alvdal	Fusa
Nto driftsutg. Til fysisk planlegging i % av tot Nto driftutg	1,73	0,82		1,45	0,68
Produktivitet/einheitkostnader					
Gjennomsnittleg sakshand.tid priv detaljregulering kalenderdagar	84			319	85
Gjennomsnittleg sakshand.tid byggesak 12 veker frist kalenderdagar	2			26	50
Gjennomsnittleg sakshand.tid byggesak 3 veker frist kalenderdagar	1			15	21
Andel søkn om tiltak overskredet lovpålagt sakshandsamingsfrist	0			4%	0
Antal utstedte målebrev pr 1000 eigedommar	10			5	6
Sakshandsamingsgebyr, privat regplan bustadformål	32 100			30 000	68 962
Sakshandsamingsgebyr oppføring av einebustad	10 300			7 800	18 761
Standardgebyr for oppmålingsforetning for bustadtomt	12 620			15 000	26 047

Ein del av gebyrinntektene innanfor byggsak, plan og oppmåling skal vera med å finansiera tenestene i teknisk forvaltning. Kommunen dekker sjølv ein større andel av desse ved å ha for låge gebyr. Det vert foreslått å auke opp sjølvkostnivået og legge på ein auke på mellom 10-30% på ulike gebyr for plan, byggesak og oppmåling.

Landbruk

Samnanger held fram i landbrukssamarbeidet med Tysnes, Os og Fusa. Utgiftene vert på same nivå som tidlegare. Viktigaste mål i landbruket er å oppretthalde arealet som er for jordbruk og legge til rette for at dette ikkje vert om-disponert. I landbrukssamarbeidet vert det òg arbeidd for ei aktivt bygdeutvikling, det vert lagt til rette for sam-arbeid mellom bønder og lokalprodusentar av lokalmat i Bjørnefjordområdet.

Miljø

I følgje Kommunebarometeret vil Samnanger kome betre ut om innbyggjarane produserer mindre søppel frå hushaldet. Dette er òg eit godt utgangspunkt som vil vera positivt for ressursforvaltninga. I 2016-17 har kommunen hatt stort fokus på forureining gjennom BIR-sitt forureiningsprosjekt. Det står att nokre utfordrande område som treng følgjast opp vidare i 2018. Kommunen har bistand frå Fylkesmannen på dette. Det vil vera fokus på auka tilsyn på spillvatn og avløp. Kommunen og BOF samarbeider om å legge til rette for badeplass med universell utforming i badevika på Bjørkheim. Kommunen er òg med i eit nasjonalt prosjekt saman med BOF om å kartlegge friluftsområde i kommunen sitt temakart.

RÅDMANNEN

(Assisterande rådmann/sektorleiar samfunn og utvikling)

Beredskap

I 2018 vil hovudmålet vera å få ferdigstilt ny overordna ros-analyse og integrere beredskapsplan og kommuneplan i dette. I økonomiplanperioden vert det lagt opp til øvingar i tråd med kommunen sine ros-vurderingar for både kriseleing (KKL) og dei ulike einingane. Det er òg lagt inn i budsjettet kompetanseutvikling innanfor beredskapsarbeidet.

Næring

I 2018 startar arbeidet med å rullera samfunnsdelen i kommuneplanen. Framtidig næringsutvikling og aktivitetar som kan fremja nærings- og bygdeutvikling vil vera sentrale tema. Ut frå pågåande arbeid med arealplanen bør kommunen ta initiativ til aktivt samarbeid med aktuelle utbyggjarar om framtidige utbyggingsavtaler. Breiband-utbygging er òg viktig infrastruktur for næringslivet å få til eit samarbeid om. I 2018 skal det etter planen byggjast ut breiband i området Rolvsvåg - Saga. Denne utbygginga vil vera delfinansiert av tilskot frå Hordaland fylkeskommune og Samnanger kommune.

Internkontroll – Orden i eige hus

Rådmannen sitt internkontrollsystem er teken i bruk på ei rekkje område. Vidare trengs det systematisk internleiaropplæring for styrke internkontrollarbeidet. Rådmannen har ei rekkje styringssystem som til fordel kan Samordnast, og nokon kan erstattast av nye. Framsikt er eit slik verktøy, som skal gjera rapportering, analyse, budsjettarbeid, og årsmelding enklare og betre å lese og forstå for både organisasjonen, politikarar og innbyggjarar. For organisasjonen er det innført digital HMS-handbok og avviksystemet er klart til å verte implementert. Mal for prosjektstyring, prosjekt og byggjerekneskap er teken i bruk og det er intensjonen at alle prosjekt skal ta den i bruk.

KULTUR OG FOLKEHELSE

Heile organisasjonen skal tenka *helse i alt me gjer*. Dette skal gje fleire leveår med god helse for alle, og særskilt det tverrfaglege samarbeid kommunen har for barn og unge (TFS) skal få fram aktivitetar som har eit folkehelseperspektiv. Psykisk helse vil stå sentralt.

Av det kommunen kan påverka positivt gjennom kulturbudsjettet, er å auke aktiviteten i biblioteket ved å få fleire til å delta på arrangement der. Dette speglar biblioteket si oppgåve som framtidig uformell møteplass og arena for debatt. I 2018 vert det ei rekkje arrangement og kulturelle opplevingar i «Høgspen't'n», i tillegg til «Kulturveka» i juni. Desse vert finansierte med billettinntekter og tilskot.

Tilbodet i kulturskulen vert utvida med drama, for å få større breidde og for å nå ut til fleire barn og unge med kulturskuletilbod. Tiltaket vert finansierte med tilskot og ved å omfordele midlar knytt til aktivitetar for barn og unge i budsjettet. Kulturskulen ønskjer òg å tilby fordjuping for vidarekomne elevar. Det er lagt inn ei meirutgift på 39 000 kroner i budsjettet til dette, delfinansiert med eigenbetaling.

Kommunen har fått tilskot over ein prosjektperiode på tre 3 år til å opprette Frivilligsentral. Det vert oppretta ei 50% stilling som frivilligkoordinator, med møteplass i biblioteket. Dette vil vera eit viktig og godt bidrag for å få til eit auka samarbeid med frivillige. Partnarskapsavtalar og samarbeid med kunstlaget, turlaget, idrettslaget, historielaget og andre frivillige lag og organisasjonar vert vidareført. Med avgrensa midlar til disposisjon vert det òg fokus på å søkje om tilskot der det mogleg.

Kostrarøkkeltal kultur

Dekningsgrad	S-2016	KG3	KG1	Alvdal	Fusa
Andel brukarar i kulturskulen innbyggjarar i alderen 6-15	23,2	24,7	15,3	22,2	18,9
Tal besøk i biblioteket pr innbyggjar	0,8	4,4	3,8	7,1	1,2
Produktivitet/einheitkostnader					
Nto driftsutg pr innbyggjar til kultur % av total	2,5	4,2	2,6	4,3	2,8
Nto driftsutg. til bibliotek pr innbyggjar kr	258	422	268	555	298
Nto driftsutg. Kulturskule pr innbyggjar 6-15 år kr	3779	4377	2589	5043	3246
Utdypande tenesteindikatorar					
Folkehelsebarometeret	>andel uføre unge				
Kulturindeksen plassering kommune	342-428			1-86	257-341



Frå det nye biblioteket på Bjørkheim (Høgspent'n).

MÅLSETTINGAR 2018

Heile sektoren

- Fremje helse og førebyggje sjukdom
- Fagleg forsvarlege tenester
- Rett og nødvendig kompetanse
- God bruk av tildelte ressursar/ effektiv drift
- Sjukefråvær lågare enn landsnittet

Helse

- Tilsetje psykolog
- Helsestasjon for ungdom
- Plan for habilitering og rehabilitering
- Utreie moglege nytt legevakt-samarbeid
- Evaluering First Responderbil

Sjukeheim

- Sal av institusjonsplassar
- Tilsetje fagsjukepleiar

Heimetenester

- Ta i bruk ny teknologi
- Alle som kan, har multidose
- Ta betalt for følgjetenester

Funksjonshemma

- Flytte inn i nytt bufellesskap

NAV

- Tilbod til dei som har aktivitetsplikt
- At flest moglege flykningar kjem i arbeid
- At flyktingane har gjennomført introduksjonsprogrammet



SEKTOR FOR HELSE OG OMSORG

Rådmannen si tilråding til netto driftsutgifter i 1.000 kr (2015 og 2016 er rekneskapstal):

	R 2015	R 2016	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
Administrasjon helse og omsorg. Ansvar 30*	0	468	621	633	633	633	633
Funksjonshemma. Ansvar 3100	8 313	9 755	9 643	10 512	10 505	10 505	10 505
Sjukeheim. Ansvar 3110	31 346	24 479	21 028	20 799	20 184	21 234	21 234
Heimetenester. Ansvar 3120	13 406	13 996	14 175	14 628	14 621	14 621	14 621
NAV. Ansvar 3200	3 279	2 645	2 733	3 176	3 176	3 176	3 176
Flyktningekontor Ansvar 3202	4	1 333	2 993	4 000	2 011	1 463	281
Helse. Ansvar 33*	9 241	10 737	11 285	11 600	11 569	11 569	11 969
Sum sektor helse og omsorg	65 589 (1) (2)	63 414 (3)	62 478	65 349 (4)	62 699	63 201	62 419

(1) Mellombels drift. (2) Bruk av bemanningsbyrå til særleg ressurskrevjande brukar.

(3) Mottak av flykningar. (4) 15 flykningar i introduksjonsprogram.

I budsjettframlegget for 2018 er det lagt opp til eit stramt, men fagleg forsvarleg budsjett. Det er bemanningsplanar, lover og forskrifter, faktiske prisar, kommune-barometeret, kvalitetsmål og mottak av flykningar som gjev grunnlag for budsjettarbeidet.

Driftsutgiftene på Samnangerheimen har gått ned med vel 10 mill frå 2015 (Agenda Kaupang nytta 2015 tala i si gjennomgang av kommunen)

I 2018 er me attende i normal drift på Samnangerheimen etter mange år med diverse faktorar som har påverka budsjettet. Då bemanningsbehovet vart endra, vart dei tilsette ivaretekne. Eit viktig mål var å unngå oppseiingar samt å halde på kompetanse. Administrasjonen i samarbeid med fagforeiningane nytta ledige stillingar til å omplassera tilsette innanfor det fagområdet dei er kvalifiserte for. Det som er utanom det normale i 2018 er mellombels drift av Skottabakken på Samnangerheimen og mottak av 20 flykningar i 2016/2017.

Like viktig som fokus på låge driftsutgifter er fokus på inntekter. Leggje til rette for til dømes sal av sjukeheimplassar.

Tilsetje psykolog Samnanger kommune har fått tilskot til å tilsetje psykolog (pålagt). Tilskotet vil liggje inne til 2020.

Prøver no å lyse ut igjen i lag med spesialpedagog. Viktig med eit fagmiljø.

Helsestasjon for ungdom Satsing på ungdom er eit av satsingsområda i statsbudsjett. Me ønskjer å få til ein variant av helsestasjon for ungdom. Lage tilbod på kveld med lege, helsesøster og psykiatrisk sjukepleiar. Fått øyremerka tilskot.

Plan for rehabilitering og habilitering Ny forskrift krev at kommunane må ha plan og konkrete tiltak for habilitering og rehabilitering. Me har søkt om og fått midlar, og starta arbeidet.

Utgjeie moglegele nytt legevaktsamarbeid Legevaktsordninga vert ofte diskutert. Skal ha ein gjennomgang for å vurdere om me skal halde fram som no.

Evaluering First responderbil Samnanger kommune har førstehjelpsbil. Må jamleg evaluerast.

Sal av institusjonsplassar Dette er viktige inntekter. Både for å ivareta tilsette, vera fleksible og ikkje minst sikra inntekter til kommunen.

Tilsette fagsjukepleiar Meiner at grunnbemanninga er slik at det er behov for sjukepleiar som kan ha fokus på fag, prosedyrar, system, internkontroll, opplæring, lærlingar, studentar mm.

Ta i bruk ny teknologi Teknologi kan òg effektivisere tenestetilbodet og gje økonomiske vinstar for kommunen.

Alle som kan, har multidoser Er godt i gang med dette.

Ta betalt for følgjetenester Fleire oppdrag me har er ikkje lovpålagte og pasientane skal betale for tenesten. Me kan ordne følgje (til sjukehus, lege, tannlege mm) mot betaling der det er ønske om dette frå pasient/pårørnde.

Flytte inn i nytt bufelleskap Arbeidet er i gang og ifølgje framdriftsplanen skal bygget vera ferdigstilt i februar 2019.

Tilbod til dei som har aktivitetsplikt Staten har pålagt kommunane å gje eit aktivitetstilbod til dei under 30 år som mottek sosiale ytingar utan aktivitet. Vil prøve å fa noko på plass tidleg i 2018.

At flest moglegele flykningar kjem i arbeid Når flyktingane er ferdig i introprogrammet, er det viktig at dei kjem i arbeid så snart som moglegele. Utan arbeid må dei ha sosiale ytingar til livsopphald. Det er utfordrande å få alle ut i arbeid både fordi arbeidsmarknaden er krevjande og fordi det betyr svært mykje korleis dei har gjennomført norsk-opplæring.

At flyktingane har gjennomført introduksjonsprogrammet Flyktingane skal få opplæring i norsk og samfunnsfag samt ha språk/arbeidspraksis. Dette utgjer 37,5 timar pr veke, som dei får introduksjonsløn for. Korleis ein gjennomfører dette vil ha stor betydning for vegen vidare. Diverre ser me at det for nokon er utfordrande å gjennomføre.

HELSE

Rådmannen si tilråding til netto driftsutgifter i 1.000 kr (2015 og 2016 er rekneskapstal):

	R 2015	R 2016	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
Helsestasjon	983	812 (1)	945	962	962	962	962
Jordmorteneste	151	164	189	201	201	201	201
Legeteneste	5 954	7 345 (2)	7 407	7 722	7 691	7 691	7 691
Fysioterapi	907	927	994	1 009	1 009	1 009	1 009
Psykatri	1 246	1 416	1 378 (3)	1 412	1 412	1 412	1 412
Psykolog	0	73	370 (4)	295	295	295	695
SUM	9 241	10 737	11 285	11 600	11 569	11 569	11 969

(1) Psykolog lagt for seg sjølv i 2017-budsjett. I 2016 fekk me tilskot, men brukte ikkje. (2) ØH seng inn i 2016 (plassert på Haraldsplass Diakonale sjukehus). (3) Leiar delvis AFP. (4) Psykolog (tilskot til 100% stilling).

Bemanning				
Einingsleiar (lege 10%)	0,10		Kommuneoverlege (Lege 30%)	0,30
Psykolog (100%) lyst ut to gongar utan resultat	1,00		Helsesekretær (legesekretær 90% + 60% + 80% sjukepleiar)	2,40
Helsestasjon (Helsesøster 70% + 50% + 12,5% sekretær)	1,33		Lege kurativ – privat praksis	2,00
Jordmortenesta (Jordmor 30%)	0,30		Fysioterapi kurativ – privat praksis	1,00
Fysioterapitenesta (Kommunefysioterapeut 100%)	1,00		Psykatri (Psyk sjukepleiar 100% + 40% + 50% psyk hjelpepleiar)	1,90
Helsestasjonslege/skulelege (Lege 10%)	0,10			
Sum årsverk totalt : 11,43				

Kommunebarometeret er ei måling som vert publisert av Kommunal Rapport kvart år. Her vert kommunane rangert etter 141 nøkkeltall, på tvers av 12 ulike sektorar.

Dette vert gjort ved hjelp av offentleg tilgjengelege data. Her finn ein kva plass ein er på samanlikna med dei andre kommunane, rangering med karakter frå 1 til 6 der 6 er best og vert visualisert med grøn farge. I økonomiplanen vel me å ta med nokre av desse områda. På dei neste sidene vil du finna fleire tabellar frå Kommunebarometeret.

Kommunal Rapport

Kommunebarometeret

Kommunebarometeret

Helse	Kommunens nøkkeltall			289 .plass		Andel nøkkeltall som har blitt bedre 35		
	KB 2015	KB 2016	KB 2017	Plass KB 2017	Landet KB 2017	Kommunens karakter		
7,5 % vekt i barometeret	KB 2015	KB 2016	KB 2017	KB 2017	KB 2017	KB 2015	KB 2016	KB 2017
LEGEDEKNING: Andel legeårsverk per 10.000 innbyggere (10 %)	11,1	11,1	10,9	272	10,6	2,2	2,1	2,0
HELSEØSTER: Antall årsverk per 10.000 innbyggere under 5 år (10 %)	61	70	63	287	71	2,0	2,0	1,8
PSYKISK HELSEARBEID: Antall årsverk med vidareutdanning innan psykisk helse, per 10.000 innbyggere (10 %)	5	5	5	217	4	2,2	2,3	2,2
JORDMOR: Antall årsverk per 10.000 fødtne (10 %)	86	115	77	160	61	1,6	2,1	1,4
INNLEGGELSER: Antall innleggelser på sykehus per 1.000 innbyggere (10 %)	244	261	240	247	245	4,9	2,9	3,5
SKOLEHELSE: Andel barn m fullført undersøkelse innan utgangen av 1. trinn (10 %)	99	99	100	1	97	5,6	5,7	6,0
HJEMMEBESØK: Andel hjemmebesøk, nyfødte innen to uker etter hjemkomst (10 %)	94	92	90	278	88	5,5	5,3	4,9
VAKSINE: Andel 2-åringar som er med i vaksinasjonsprogrammet (10 %)					95			
VAKSINE: Andel 9-åringar som er vaksinert mot meslinger (10 %)	94	94	98	22	95	4,5	4,3	6,0
MEDISINBRUK: Total medisinbruk, per 10.000 innbyggere (5 %)	615	627	630	81	671	4,5	4,1	4,1
FOREBYGGING: Netto driftsutgifter forebygging, kr per innb - snitt fire år (5 %)	32	60	60	338	184	1,3	1,5	1,5

Kostra/Kommunebarometeret (der me ligg på rosa/raud)

Legedekning: Andel legeårsverk pr 10 000 innbyggere Kommunestørrelse har stor betydning for dette talet. Me opplever ikkje låg legedekning. Nokon nyttar fastlegetilbod i andre kommunar.

Helsesøster: Antall årsverk pr 10 000 innbygger under 5 år Samtidig som me ser at helsesøster får gjort mykje innan fristar, opplever ho at det er lite tid til forebygging. Det er mål om å få på plass helsestasjon for ungdom. Me gjer om 12,5% helsesekretær til 10% helsesøster. Auke i stilling som helsesøster og å ha som mål å få på plass helsestasjon for ungdom, vil virke positivt på Kommunebarometeret.

Psykisk helsearbeid: Antall årsverk med vidareutdanning innan psykisk helse pr 10 000 innbyggere Her òg ligg me lågt (men betre enn kommunar me samanliknar oss med). Slik me arbeider i dag er dette greit, i alle fall om me får på plass psykolog.

Jordmor: Antall årsverk pr 10 000 fødte Jordmor har 30% stilling. Når helsesøster og jordmor samarbeider er dette tilstrekkeleg for dei fødslane me har i Samnanger kvart år.

Forebygging: Netto driftsutgifter forebygging, kr pr innb- snitt fire år Her ligg kommunane me kan samanlikna oss med lågt, og me må sjekke ut korleis ein rapporterer.

SJUKEHEIM

Rådmannen si tilråding til netto driftsutgifter i 1.000 kr (2015 og 2016 er rekneskapstal):

	R 2015	R 2016	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
Sjukeheim	31 346	24 479	21 028	20 799	20 184	21 234	21 234
	(1)	(2) (3)	(4)	(5)	(5)	(5)	(5)

(1) Mellombels drift, bemanningsbyrå drifta respirator, fleire sjukeheimplassar, refusjon for å ligge på dobbeltrom mm. (2) Driftar respiratoren sjølve. (3) Opna ikkje post 1 ved innflytting i ny sjukeheim (6 plassar). (4) Selte sjukeheimplassar til Os. (5) Sal av sjukeheimplassar.

Bemanning (25 institusjonsplassar)

25 plassar	Måndag	Timar	Tysdag	Timar	Onsdag	Timar	Torsdag	Timar	Fredag	Timar	Laurdag	Timar	Sundag	Timar	Timar	%	Årsv
DAG																	
einingsleiar	07.30-15.30	7,5	07.30-15.30	7,5	07.30-15.30	7,5	07.30-15.30	7,5	07.30-15.30	7,5					37,5	100,0	1,0
sektorleiar		1,5		1,5		1,5		1,5		1,5					7,5	20,0	0,2
sakshandsamar		7,5				7,5				7,5					22,5		0,6
																	1,8
Avd 1 (6) Lukka inn til vidare (skal nyttast av Skottabakken i 2018)																	
Avd 2 (17) Rehab og behandling																	
sp1	07.15 - 15.00	7,25	07.15 - 15.00	7,25	07.15 - 15.00	7,25	07.15 - 15.00	7,25	07.15 - 15.00	7,25	07.15 - 15.00	7,25	07.15 - 15.00	7,25			
sp1	07.30 - 15.00	7	07.30 - 15.00	7	07.30 - 15.00	7	07.30 - 15.00	7	07.30 - 15.00	7	07.30 - 14.30	7,00	07.30 - 14.30	7			
helsefagarbeider	07.30 - 14.00	6	07.30 - 14.00	6	07.30 - 14.00	6	07.30 - 14.00	6	07.30 - 14.00	6	07.30 - 14.00	6,5	07.30 - 14.00	6,5			
helsefagarbeider	07.30 - 15.00	7	07.30 - 15.00	7	07.30 - 15.00	7	07.30 - 15.00	7	07.30 - 15.00	7	07.30 - 14.30	7,00	07.30 - 14.30	7			
avd kjøkk	07.30 - 15.00	7	07.30 - 15.00	7	07.30 - 15.00	7	07.30 - 15.00	7	07.30 - 15.00	7	07.30 - 15.00	7,50	07.30 - 15.00	7,5			
Avd 3 (8) Demens																	
sp1	07.15 - 15.00	7,25	07.15 - 15.00	7,25	07.15 - 15.00	7,25	07.15 - 15.00	7,25	07.15 - 15.00	7,25	07.15 - 15.00	7,25	07.15 - 15.00	7,25			
helsefagarbeider	07.30 - 15.00	7	07.30 - 15.00	7	07.30 - 15.00	7	07.30 - 15.00	7	07.30 - 15.00	7	07.30 - 14.30	7,00	07.30 - 14.30	7			
arbeidsstova	08.00 - 15.00	5			08.00 - 15.00	5			08.00 - 15.00	5							
Prod.kjøkken	08.00 - 15.30	7,5	08.00 - 15.30	7,5	08.00 - 15.30	7,5	08.00 - 15.30	7,5	08.00 - 15.30	7,5	08.00 - 15.30	7,5	08.00 - 15.30	7,5			
sjukeheimslege			08.00-16.00	8			08.00 - 11.00	3									
sp1 til legevisitt, ass			07.30 - 15.00	7			07.30 - 15.00	7									
		61,00		71,00		61,00		66,00		61,00		58,00		58,00	436,00		12,28
KVELD																	
Avd 1 (6) Lukka inn til vidare (skal nyttast av Skottabakken i 2018)																	
Avd 2 (17) Rehab og behandling																	
helsefagarbeider	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75			
sp1	14.45-22.00	7,25	14.45-22.00	7,25	14.45-22.00	7,25	14.45-22.00	7,25	14.45-22.00	7,25	14.45-22.00	7,25	14.45-22.00	7,25			
helsefagarbeider	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75			
helsefagarbeider	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75			
Avd 3 (8) Demens																	
sp1	14.45-22.00	7,25	14.45-22.00	7,25	14.45-22.00	7,25	14.45-22.00	7,25	14.45-22.00	7,25	14.45-22.00	7,25	14.45-22.00	7,25			
helsefagarbeider	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75	14.45-21.30	6,75			
		41,5		41,5		41,5		41,5		41,5		41,5		41,5	290,5		8,2
NATT (25)																	
sp1	21.45-07.30	9,75	21.45-07.30	9,75	21.45-07.30	9,75	21.45-07.30	9,75	21.45-07.30	9,75	21.45-07.30	9,75	21.45-07.30	9,75			
helsefagarbeider	21.45-07.30	9,75	21.45-07.30	9,75	21.45-07.30	9,75	21.45-07.30	9,75	21.45-07.30	9,75	21.45-07.30	9,75	21.45-07.30	9,75			
		19,5		19,5		19,5		19,5		19,5		19,5		19,5	136,5		3,8
															15,0		0,4
																	26,5

Med denne bemanningsplanen tek 2 tilsette ansvar for 8 sjuke pasientar.

Bemanningsnorm Samnangerheimen: årsverk i pleie / tal pasientar = 0,98 (rekner inn leiar, men held produksjonskjøken utanom).

Driftsutgifter pr plass

Hjå oss ligg alt inne i denne summen (reinhold, vaskeri, kjøkken, litt administrasjon, sakshandsamar). Dette vil variere frå kommune til kommune.

	2015	2016	2017 B	2018	2019	2020
Driftsutgifter	27 844 752	31 759 184	31 689 970	31 743 573	31 728 296	31 728 296
Sjukheimplassar	27	25	25	25	25	25
Driftutgifter pr. plass	1 031 287	1 270 367	1 267 599	1 269 743	1 269 132	1 269 132

Kommunegruppe 1 i 2016 (gj.snitt driftsutgifter pr. plass) kr. 1 033 903.

Kommunegruppe 3 i 2016 (gj.snitt driftsutgifter pr. plass) kr. 1.177.903.

Kost

Landssnittet: Forbrukerrådet sin sjekk av kommunar syner mellom kr 42 og kr 167 pr døgn.

Samnangerheimen: Kr 78 pr døgn pr pasient (serverer frukost, lunsj, middag/kaffi, kvelds og sein kvelds).

Kommunebarometeret

(samletabell for sjukeheim, heimetenester og tenester for funksjonshemma)

20 % vekt i barometeret	Kommunens nøkkeltall			35 .plass		Andel nøkkeltall som har blitt bedre		
	KB 2015	KB 2016	KB 2017	Plass	Landet	Kommunens karakter		
				KB 2017	KB 2017	KB 2015	KB 2016	KB 2017
Pleie og omsorg								75
BEMANNING: Andel ansatte med fagutdanning (10 %)	76	67	72	301	74	3,8	2,1	3,1
SYKEHJEM: Andel av beboere i institusjon totalt med omfattende bistandsbehov (10 %)	88	75	77	187	75	5,7	3,7	4,0
DEMENTE: Andel plasser til demente, mot antall over 80 år på sykehjem (10 %)	33	35	59	77	38	3,1	3,3	4,6
KORTTIDSPLASSE: Andel korttidsplasser av alle totalt antall plasser med heldøgns omsorg (5 %)	11	26	28	71	18	1,6	3,9	3,8
BEMANNING: Tid med lege på sykehjem (5 %)	0,45	0,49	0,51	165	0,55	2,9	2,9	2,8
BEMANNING: Tid med fysioterapeut på sykehjem (5 %)	0,30	0,26	0,45	138	0,43	2,5	2,1	3,2
ENEROM: Andel brukertilpasset enerom på sykehjem med bad/wc (5 %)	33	33	100	1	82	1,0	1,0	6,0
DAGTILBUD: Antall vedtak om dagaktivitet, målt mot andel over 80 år som ikke bor på institusjon (5 %)	17	19	19	15	8	5,2	6,0	5,8
REHABILITERING: Plasser avsatt til rehabilitering i institusjon per 1.000 innbyggere over 67 år (5 %)	5	12	12	35	4	2,2	5,1	4,8
PROFIL: Gjennomsnittlig antall tildelte timer i uken, hjemmesykepleie (5 %)	4,8	5,0	4,5	171	4,8	2,7	2,8	2,6
HJEMMETJENESTE: Andel vedtak om hjemmetjenester som iverettes innen 15 dager (5 %)	96	100	100	1	96	4,1	6,0	6,0
SAMHANDLING: Antall døgn på sykehus for utskrivningsklare pasienter, per 10.000 innb. (5 %)	0	115	0	1	157	6,0	4,1	6,0
TRYGGHET: Antall trygghetsalarmer, målt som andel av hjemmeboende eldre over 80 år (2,5 %)	18	24	26	346	39	1,0	1,6	2,0
BEMANNING: Årsverk av ergoterapeut per 1.000 innb. over 80 år (2,5 %)	7	7	15	6	5	3,5	3,8	6,0
BEMANNING: Årsverk av geriatrisk sykepleier per 1.000 innb over 80 år (2,5 %)	5	6	6	247	9	2,1	2,2	2,2
HJEMMETJENESTE: Mottakere av matombringning, gruppa over 80 år som ikke bor på institusjon (2,5 %)	13	7	18	229	12	2,0	1,5	2,6
FUNKSJONSHEMMETE: Andel med funksjonshemminger som får bistand til å delta i arbeid og studier (5 %)	71	87	87	121	77	2,3	4,5	4,7
FUNKSJONSHEMMETE: Andel med funksjonshemminger som får bistand til å delta i organisasjonsarbeid, kultur eller fritidsaktiviteter (5 %)	38	48	49	321	59	1,9	2,6	2,7
FUNKSJONSHEMMETE: Mottakere av BPA, støttekontakt og omsorgslønn per 1.000 innbyggere (5 %)					9			

Kostra/Kommunebarometeret (der me ligg på rosa/raud)

Bemanning Arbeider vidare med å få rett fagleg samansetjing av bemanninga. Tala her er feil fordi såkalla Pai-kodar var rapportert inn feil. Dette håpar me vert retta no i desember 2017.

Tid med lege på sykehjem Har 30% (fordelt på tysdag og torsdag). Fungerer greitt, men må bruke litt lege utanom. Dyktige sjukepleiarar

Geriatrisk sjukepleiar Me ønskjer å få tilsett fagsjukepleiar/geriatrisk sjukepleiar 100% stilling

Mål	Målast ved	Siste måling	Ambisjon
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	Kostra/KB	0,51	0,51
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	Kostra/KB	0,45	0,45
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	Kostra/KB	100	100
Andel plasser i brukertilpasset enerom m/ eget bad/wc	Kostra/KB	100	100
System for brukerundersøkelser i institusjon	Kostra/KB/BK	ja	ja
System for brukerundersøkelser i hjemmetjenesten	Kostra/KB/BK	ja	ja
Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutdanning	Kostra/KB	72	80
Andel langtidsbeboere 31.12 vurdert av lege siste år	KB		100
Andel langtidsbeboere 31.12 vurdert av tannhelsepersonell siste år	KB		100
Saksbehandlingstid – sjukeheim	KF		14 dagar
Andel påklaginger til fylkesmannen som omgjøres (justert for lokale klagenemnder)	KF		0
Andel brukere/pasienter i fagsystemet med komplett IPLOS registrering	KF		100
Antall avvik legemiddelhåndtering	KF		30
Andel pårørende som har hatt årlig samtale	KF		100
Ernæring og vekttaap - ernæringsjournal	KF		100



Sjukepleiarmøte på Samnangerheimen. .

FUNKSJONHEMMA

Rådmannen si tilråding til netto driftsutgifter i 1.000 kr (2015 og 2016 er rekneskapstal):

	R 2015	R 2016	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
Dagtilbod	1 985	2 594 (1)	2 309	2 533	2 533	2 533	2 533
Bufellesskap	5 599	6 573 (2)	6 782 (3)	7 362	7 355	7 355	7 355
Arbeid	728	588	552 (4)	617 (5)	617	617	617
SUM	8 312	9 755	9 643	10 512	10 505	10 505	10 505

(1) Nytt tiltak. (2) Kartlegging av brukarbehov eksternt. (3) Sparer 20% stilling i 2017 (utfordrande). (4)

Forhandling og gjennomgang av tilbodet. (5) Fleire i arbeid/aktivitet

Auka utgifter til støttekontakt

Det er budsjettert med auka utgifter til støttekontaktar i 2018. Det er budsjettert med det som vil vera faktiske utgifter dersom alle som har vedtak, får støttekontakt. Rekrutteringsutfordringar gjer at me fram til no har brukt mindre enn dette. Målet er å få på plass fleire støttekontaktar, og me har tru på å få det til.

Kostra/kommunebarometeret (der me ligg på rosa/raud)

Funksjonshemma: Del med funksjonshemmingar som får bistand til å delta i organisasjonsarbeid, kultur eller fritidsaktiviteter. Stemmer ikkje med slik me opplever situasjonen. Mykje god aktivitet. Men, kan vere det er feil i rapporteringa. Vil sjekke dette.

NAV

Rådmannen si tilråding til netto driftsutgifter i 1.000 kr (2015 og 2016 er rekneskapstal):

	R 2015	R 2016	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
NAV	3 279	2 645	2 733	3 176	3 176	3 176	3 176
Flyktningekontor	4	1 333	2 993 (1)	4 000 (2)	2 011	1 463	281
SUM	3 283	3 978	5 726	7 177	5 187	4 639	3 457

(1) 20 flyktningar frå Syria. (2) 15 personar på introduksjonsløn. Fleire er ferdige aug 2018. Har dei då ikkje arbeid går dei over på sosialhjelp. Vil måtte budsjettjustere i løpet av 2018.

Bemanning	
Einingsleiar (20%, er og leiar for NAV stat i 20%)	0,20
Sosionom	0,20
Jurist	0,30
Flyktningekonsulent + assistent (0,80 + 0,50)	1,30
SUM	2,70

7,5 % vekt i barometeret	Kommunens nøkkeltall			203 .plass		Andel nøkkeltall som har blitt bedre		
	KB 2015	KB 2016	KB 2017	Plass	Landet	Kommunens karakter		
				KB 2017	KB 2017	KB 2015	KB 2016	KB 2017
STØNADSTID: Snitt stønadslengde for mottakere mellom 18 og 24 år (15 %)	6,3	5,7	4,8	315	3,9	1,0	1,0	2,0
STØNADSTID: Snitt stønadslengde for mottakere mellom 25 og 66 år (10 %)	4,7	5,5	4,2	208	4,2	2,6	1,6	3,6
STØNADSTID: Andel som går over 6 måneder på stønad (10 %)	41	43	29	205	36	1,4	1,2	3,6
ØKONOMI: Andel av mottakerne som har sosialhjelp som hovedinntektskilde (10 %)	41	40	58	347	49	3,7	3,9	1,8
AKTIVITET: Mottakere av kvalifiseringsstønad, andel av dem som går over 6 mnd på sosialhjelp (10 %)					20			
ØKONOMISK RÅDGIVNING: Brukere som får gjeldsråd, som andel av langtidsmottakere (5 %)	105	39	29	281	65	2,6	1,6	1,5
BOLIG: Andel søknader om kommunal bolig som blir innvilget (10 %)	50	100	100	1	70	2,1	6,0	6,0
INDIVIDUELL PLAN: Brukere som har individuell plan, som andel av langtidsmottakere (5 %)					9			
AKTIVITET: Andel av sosialhjelpsmottakere som ikke søker jobb (10 %)	27	45	23	53	37	5,5	3,5	5,6
AKTIVITET: Netto driftsutgifter til kvalifiseringsprogrammet per bruker (10 %)					138			
KRISESENTER: Totale kostnader til krisesenter, pr innbygger (5 %)	52	54	53	304	65	2,1	1,9	1,8

Kostra/Kommunebarometeret (der me ligg på rosa/raud)

Stønadstid: Snitt stønadslengde for mottakarar mellom 18 og 25 år Må arbeide for å få dette redusert. Utfordrande no når arbeidsmarknaden er stram samt at me har teke imot mange flyktingar.

Økonomi: Andel av mottakarane som har sosialhjelp som hovudinntektskjelde

Økonomisk rådgjeving: Brukarar som får gjeldsråd, som andel av langtidsmottakarar Har god kompetanse og gir hjelp til dei få som treng dette.

Krisesenter: Totale kostnader til krisesenter, pr innbyggjar Kjøper denne tenesta for kr 130 000. Kan ikkje ha dette tilbodet sjølve.

HOVUDMÅL

Å gjera kvarandre gode, og villa kvarandre vel

Mål skule og barnehage:

-Ein god stad å vera

-Ein god stad å læra

Barnehage

Implementera ny rammeplan

Barneskule

Tidleg innsats

Godt læringsmiljø

Tilpassa undervisning

SFO

Gje tilbod til dei som ynskjer SFO

Sjølvkostprinsippet

Ungdomsskule

Tilpassa undervisning

Godt læringsmiljø

Vaksenopplæring

Ynskje om å etablera eige PPT-

kontor med spesialpedagog/

PP- rådgjevar

SEKTOR FOR OPPVEKST

Rådmannen si tilråding til netto driftsutgifter i 1.000 kr (2015 og 2016 er rekneskapstal):

	R 2015	R 2016	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020	B 2021
Felles skule og barnehage mm inkl adm. Ansvar 2000	6 037	6 910	7 756	7 326	7 166	7 166	7 166
Barnehage Ansvar 2040	14 367	13 952	13 763	14 206	14 206	14 206	14 206
Barneskulen Ansvar 2210	19 147	18 815	18 734	19 605	19 605	19 605	19 605
Ungdomsskulen Ansvar 2230	9 191	9 817	10 484	10 722	10 702	10 702	10 702
Sum sektor for oppvekst	48 743	49 493	50 737	51 860	51 680	51 680	51 680

Budsjettet for 2018 er lagt opp til å verta stramt, men forsvarleg.

Grunnlaget for budsjettarbeidet er lover og forskrifter, Samnanger sin strategiplan for oppvekst, kommunebarometeret etc. Det at vi skal halda fram som eigen kommune gjev og grunnlag for budsjettarbeidet.

Samnanger kommune har sin eigen strategiplan som seier noko om både overordna mål og delmål. Det er mellom anna at elevane skal oppleve motivasjon og meistring, stimulera til kreativitet, ha godt arbeidsmiljø, fokus på livsmeistring, vera over snittet i Hordaland på nasjonale prøvar og elevundersøkinga, vera over snittet i Hordaland over tid på 5.trinn og ha nulltoleranse mot mobbing.

Læringsplattforma It`s learning vert i løpet av 2017 fasa ut og erstatta med Skooler, som er eit rimelegare alternativ. Dette vil krevja noko opplæring.

Målsetjingar for 2018 - 2021**BARNEHAGE**

Ny rammeplan vart sett i kraft 1. august 2017. «Tid for leik og læring – Betre innhald i barnehagen». Kommunen som barnehageeigar skal legge til rette for implementering av ny rammeplan i eigne barnehagar, og ny rammeplan vil verte grunnlag for kommunen sitt tilsyn med alle barnehagane i kommunen.

Det vert utviding av rett til barnehageplass for barn fødd i november frå hausten 2017.

Det vert bemanningsnorm og styrka kompetansekrav i barnehagane frå 2018. Forslag om øyremerka tilskot til fleire barnehagelærarar inngår i ramma.

Etter §19g i barnehagelova har kommunen ei plikt til å leggja til rette for barn med nedsett funksjonsevne. Det skal leggjast vekt på tilrettelegginga si effekt på å byggja ned funksjonshemmande barrierar i barnehagen. Dette er

oppmodingar som kommunen kan få frå føresette gjennom barnehageåret og som kan medføra kostnader for kommunen.

Kommunebarometeret er ei måling som vert publisert av Kommunal Rapport kvart år. Her vert kommunane rangert etter 141 nøkkeltall, på tvers av 12 ulike sektorar. Dette vert gjort ved hjelp av offentleg tilgjengelege data. Her finn ein kva plass ein er på samanlikna med dei andre kommunane, rangering med karakter frå 1 til 6 der 6 er best og vert visualisert med grøn farge. I økonomiplanen vel me å ta med nokre av desse områda. Nedanfor følgjer tabell frå Kommunebarometeret med vurdering av det kommunale barnehagetilbodet i Samnanger.

Barnehage	Kommunens nøkkeltall			254 .plass		Andel nøkkeltall som har blitt bedre 10		
	KB 2015	KB 2016	KB 2017	Plass	Landet	Kommunens karakter		
10 % vekt i barometeret KB: Kommunale barnehager	KB 2015	KB 2016	KB 2017	KB 2017	KB 2017	KB 2015	KB 2016	KB 2017
BEMANNING (KB): Oppholdstimer per årsverk i kommunale barnehager (20 %)	9 199	9 717	10 771	207	11 383	4,8	4,2	3,0
FAGUTDANNING (KB): Andel styrere og ledere med pedagogisk utdanning (20 %)	100	100	100	1	95	6,0	6,0	6,0
FAGUTDANNING (KB): Andel øvrige ansatte i kommunale barnehager med pedagogisk utdanning (20 %)	35	38	36	199	36	3,9	4,2	3,8
ETTERSPØRSEL: Andel barn født før 1.9 (uansett bokommune), som hadde søkt om og ikke fått plass ved rapporteringstidspunktet (10 %)		0	0	1	10		6,0	6,0
KJØNN: Andel ansatte som er menn, alle barnehager (10 %)	2	2	3	306	9	1,5	1,4	1,4
MINORITET: Andel av minoritetsspråklige barn som går i barnehage siste år (10 %) (alle barnehager)	62,5	61,5	31,2	418	76,0	2,3	2,3	1,0
MINORITET: Andel av minoritetsspråklige barn som går i barnehage, snitt siste fire år (5 %)	68	62	55	401	74	3,2	2,0	1,1
AREAL (KB): Leke- og oppholdsareal per barn i kommunale barnehager (5 %)	12,2	12,3	11,3	30	5,9	6,0	6,0	5,6

Alle styrarar og leiarar i dei kommunale barnehagane i Samnanger har godkjent utdanning, i likheit med i mange andre kommunar.

36 prosent av andre tilsette i kommunale barnehagar har pedagogisk utdanning. Landsgjennomsnittet er på 36 prosent.

Ifølge statistikken har alle barn med rett på plass, også barnehageplass. Det er bra og slik situasjonen burde vere i dei aller fleste kommuner.

BARNESKULEN

I Meld.St 21 «Lærelyst –tidleg innsats og kvalitet i skulen» er det tydelege krav og forventning til styringssignal til kommunane. Kommunen har fått plikt til å tilby intensiv opplæring i lesing, skriving eller rekning på 1-4. trinn for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av undervisninga.

Skulane skal jobba for eit godt læringsmiljø. Alle skulane har gjennom opplæringslova fått ein reindyrka aktivitetsplikt til å handheva og sikre eit godt skulemiljø. Det vert innført tvangsmulkt for dei kommunar som ikkje overheldt aktivitetsplikten.

Barn som kjem til Noreg har rett på grunnskuleopplæring seinast innan 1 måned, dersom det er sannsynleg at dei oppheld seg meir enn 3 månader i landet.

Samnanger kommune og Samnanger barneskule har begge fokus på å auka nærværsprosenten blant dei tilsette. Auka nærvær betyr redusert frávær. Samnanger barneskule hadde i 2015 ein fráværsprosent på 4,1%. Denne har vore aukande og er no på vel 7%. Skulen ser at det er ulike årsaker til dette.

Budsjettet er bygd opp med grunnlag i timetildelingsskjema. Der grunnressurs til klassane, delingstimar, tidleg innsats, spesialundervisning og assistent etc. er spesifisert.



Fokusområde

- Tidleg innsats, med større lærartettleik frå 1.-4. klasse er lagt inn i budsjettet som lærarstilling. Tilbod til dei som heng etter i lesing, skiving og rekning ligg inne som frie midlar, men er samstundes eit øyremerka tilskot til dette formålet.
- Redusera tal på timar som går til spesialundervisning. Me skal gje elevane vurderingar som fremjar vidare læring, og gjev eit betre læringsutbyte. Me skal organisera det tradisjonelle leksearbeidet på ein måte som skaper større motivasjon for skulearbeid.
- Meir song i skulen.
- Redusera sjukefráværet.
- Innføra Skooler som læringsplattform.

SFO (skulefritidsordning)

Mål:

SFO skal gje tilbod til dei som har trong for skulefritidsordning. SFO skal bemannast og drifta etter den nye forskrifta som er vedteken av kommunestyret.

Forskrifta med 1:15 bemanning som grunnressurs. Vedtektene er godkjend av kommunestyret. SFO skal så langt som mogeleg finansierast etter prinsipp om sjølvkost.

UNGDOMSSKULEN

Ungdomsskulen jobbar for å fremja eit godt læringsmiljø. Skulen har nulltoleranse mot mobbing.

Det er eit mål å redusera tal timar som går til spesialundervisning.

Skulen er med i prosjekt gjennom høgskulen Lillehammer i «Vurdering for læring». Dette er eit satsingsområde for ungdomsskulen i komande periode. Målet er at ved å jobba med vurdering for læring skal ein auka elevane sitt læringsutbyte.

Skulen jobbar med valfag på tvers av klassetrinn, og tilbyr programmering, produksjon av varer og tenester for å nemna noko. Dette er eit godt tiltak for skulemiljøet.

Skulen har gode faglege resultat med auke i grunnskulepoeng frå 2016 til 2017.

Skulen skal ta i bruk Skooler som læringsplattform i 2018.

Kommunebarometeret

20 % vekt i barometeret	Kommunens nøkkeltall			24 .plass		Andel nøkkeltall som har blitt bedre 65		
	Kommunens karakter			Plass	Landet	Kommunens karakter		
	KB 2015	KB 2016	KB 2017	KB 2017	KB 2017	KB 2015	KB 2016	KB 2017
AVGANGSKARAKTERER: Snitt grunnskolepoeng (10. trinn) siste fire år (10 %)	41,4	41,8	41,9	62	40,6	4,8	5,0	5,0
AVGANGSKARAKTERER: Snitt grunnskolepoeng (10. trinn) siste år (5 %)	42,9	41,2	43,9	22	41,2	5,6	3,8	6,0
FRAFALL: Andel elever fra kommunen som har fullført og bestått videregående innen fem år (10 %)	72	76	67	303	73	4,1	4,6	2,9
NP 5. TRINN: Gjennomsnitt nasjonale prøver siste fire år (5 %)	50,7	49,6	50,3	105	50,0	4,3	3,9	4,6
NP 8. TRINN: Gjennomsnitt nasjonale prøver siste fire år (10 %)	52,0	52,2	52,4	12	50,0	5,0	5,4	6,0
NP 9. TRINN: Gjennomsnitt nasjonale prøver siste fire år (10 %)	51,8	53,4	54,3	51	54,0	3,9	4,7	5,1
SKOLEBIDRAG: Skoleresultater korrigert for sosiale faktorer på ungdomstrinnet, snitt siste to år (10 %)	3,6	3,6	3,6	24	3,4	5,1	5,2	5,2
UTDANNING: Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 1.-7. trinn (5 %)		100	100	1	71		6,0	6,0
UTDANNING: Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 8.-10. trinn (5 %)		40	41	347	60		2,2	1,9
UTDANNING: Andel lærere med godkjent lærerutdanning, 1.-7. trinn (2,5 %)					95			
UTDANNING: Andel lærere med godkjent lærerutdanning, 8.-10. trinn (2,5 %)	82	90	93	211	96	1,0	3,4	4,3
TRIVSEL: 7. trinn, snitt siste fem år (5 %)	88	90	91	132	90	4,7	4,8	5,0
TRIVSEL: 10. trinn, siste fem år (5 %)	85	91	90	36	85	4,6	6,0	5,8
SPESIALUNDERVISNING: Andel elever med spesialundervisning 1.-4. trinn, snitt siste fire år (2,5 %)	9,6	8,4	6,7	205	5,2	2,2	2,6	3,5
SPESIALUNDERVISNING: Andel elever med spesialundervisning 5.-7. trinn, snitt siste fire år (2,5 %)	11,7	11,3	11,1	227	9,4	4,0	4,1	3,9
SPESIALUNDERVISNING: Andel elever med spesialundervisning 8.-10. trinn, snitt siste fire år (2,5 %)	18,5	17,4	14,6	322	10,4	1,5	1,3	2,6
LEKSEHJELP: Andel elever 1.-4. trinn som har leksehjelp (2,5 %)	81	83	90	12	16	5,6	6,0	6,0
LEKSEHJELP: Andel elever 5.-7. trinn som har leksehjelp (2,5 %)	0	0	0	372	30	1,0	1,0	1,0
LEKSEHJELP: Andel elever 8.-10. trinn som har leksehjelp (2,5 %)	0	0	9	123	8	1,0	1,0	2,0

I følge Kommunebarometeret for grunnskule, har Samnanger svært gode resultat og god kvalitet:

- ⇒ *Andelen elevar i småskulen som får spesialundervisning er på eit normalnivå målt mot resten av Skule-Noreg. Andelen har falle litt.*
- ⇒ *På 5.-7. trinn får 11,1 prosent av elevane spesialundervisning. Det er midt på treet målt mot andre kommunar.*
- ⇒ *På ungdomsskulen får 14,6 prosent av elevane spesialundervisning. Snittet for landet er 10,4 prosent.*
- ⇒ *Svært mange på 1.-4. trinn får leksehjelp. Samnanger er blant dei beste i landet med 90 prosent. Snittet er på 16 prosent.*
- ⇒ *Frå og med i år viser me korleis spesialundervisninga er i bruk fordelt på småskulen, mellomtrinnet og ungdomsskulen. På alle nivå har andelen elevar med spesialundervisning falle litt det siste året. Det reknar me som positivt i barometeret.*

VAKSENOPLÆRING

Mål:

Spesialundervisning:

Vaksne som får sakkunnig vurdering etter §4A-2 og §5-1, har rett på vaksenopplæring. Samnanger kommune har ansvar for at desse elevane får opplæring etter enkeltvedtak og individuell opplæringsplan.

Norskopplæring:

Personar som busett seg i Samnanger, og som har rett/plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, skal få tilbod om opplæring. Kommunen kjøper pr. i dag denne tenesta frå Fusa kommune og Nygård skule.

Elevane får då den opplæringa dei har rett på og får ta dei nødvendige prøvar for å kunne bu og jobba i Noreg.

Flyktningane som er busett i Samnanger kommune, skal få opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og høve til å ta prøve i desse faga, som ein del av introduksjonsprogrammet, gjerne kombinert med språkpraksis.

PPT (pedagogisk-psykologisk teneste)

Mål:

PPT tettare på og meir systemretta arbeid

Samnanger kommune kjøper i dag PPT frå Vaksdal kommune. For å kunne driva meir systemretta arbeid, og vera tettare på skular og barnehagar, ser vi det tenleg å kunna ha denne tenesta i kommunen.

PPT må kunna jobba systemretta. Skulane treng hjelp med å organisera klassar og grupper, tidleg innsats og spesialundervisning på ein slik måte at elevane skal føla seg inkluderte. Det må vera eit samspel med PPT når det gjeld skulen sine rammebetingelsar og trong for spesialundervisning for enkeltelevar. Ved å ha PPT tettare på dei ulike einingane, vil det vera lettare å tilpassa trongen for spesialundervisning inn mot grupper/klassar. Arbeid i lag med ressursteamet på skulen er ein viktig del av dette. I ressursteam skal rektor på skulen og spesped-leiar vera representerte i lag med PPT. Vi håper å få til eit betre tilbod til barn og unge, ved å samlokalisere PPT med ein psykolog for barn og unge som kommunen skal tilsetja.



Samnanger barneskule og Dråpeslottet barnehage.

INVESTERINGSTILTAK

2018 - 2021

- Avløp
- Vatn
- Kommunale vegar
- Kommunale bygg
- Utskifting av elev PC'ar
- Frigjeringsutstyr brannvesenet
- Utskifting av nettbrett for folkevalde
- Oppgradering saksbehandlingssystem
- Bufellesskap for funksjonshemma
- Veg Rolvsvåg industriområde

INVESTERINGAR

Kommunen har gjennomført store investeringar dei siste åra. Sjukeheim, bibliotek og VA anlegg på Bjørkheim er dei siste som er fullført. Det er brukt ein del pengar på sikkerheit som opprusting av bruer, rekkverk mm.

I 2018-budsjettet vil sikringsarbeidet fortsette og det er lagt inn pengar til både bru og rekkverk. Arbeid med å få på plass avløp på Ytre Tysse må prioriterast høgt. Dette er ikkje kostnadsberekna, men eit estimat på 3 mill kroner er lagt inn i budsjettet.

Lånegjelda til kommunen er høg og større investeringsprosjekt som må lånefinansierast bør vurderast nøye.

Kort om investeringstiltaka som skal gjennomførast i 2018 - 2021:

Avløp

Me har av kapasitetsomsyn sett oss nøyde til å nedprioritera arbeidet med fornying av avløpsanlegga. Ytre-Tysse har stått for tur lenge. Me planlegg å få gjort arbeid her i 2018.

Vatn

Her er det fleire tiltak. Felles for dei at dei er brukarbetalte. I Nordbygda vert det satsa på det gamle bassenget, men her er det lekkasje og fare for forureining. Ei ekstra utfordring her er tilkomsten. Det er behov for å sikra vatn til Ytre-Tysse. Sjøleidningen som i dag forsyner området er gamal og må skiftast ut.

Kommunale vegar

Det har vore stort etterslep på vegvedlikehaldet. ROS-analyse ligg til grunn for kva som er prioritert. Mykje er gjort i 2017, og no står rekkverk på Lia-vegen og sikring av bru på Jarland for tur.

Veg til Hagabotnane: I sak 8/17 i kommunestyret vart det løyvd kr 2 mill eks moms til utbetring og til å utgreie alternative trasear. Noko utbetring av veg er utført i 2017 og restbeløpet på kr 1 595 625 inkl moms er overført til 2018. Det er og lagt inn midlar til gangveg til Hagabotnane. Her kjem kommunen til å søka om tilskot.

Kommunale bygg

Tiltak er prioritert etter utarbeidd vedlikeholdsplan. Det som er prioritert i 2018 er:

- totalrenovering av toalett i bassengbygget
- totalrenovering av tak på bassengbygget
- nytt leikeutstyr på uteareale i barnehage

Det er òg sett av midlar til ombygging på kommunehuset. I dag er stort sett heile kommunehuset heilt ope for publikum/besøkande. Det vil seia at kven som helst kan koma inn på kommunehuset og ha tilgang til heile bygget, utan at dei først tek kontakt med ekspedisjonen/sørvissenteret. Dagens situasjon er ikkje bra, verken med omsyn til informasjonstryggleik, tryggleik for tilsette eller kontroll med kva gjester som er på kommunehuset.

Det er og behov for å skifte ut nøkkelsystemet som ikkje lenger tilfredsstillar krav til sikkerheit.

Andre tiltak

IKT-kontoret har nyleg gått gjennom talet på elev-PCar på skulane, og kome fram til at det i alt er om lag 280 stk. Desse PCane er av varierende alder, frå 2010 til 2017. Ca. 150 av PCane er frå 2013 eller tidlegare. IKT reknar med forventa levetid på slike PCar på om lag 5 år. Pris pr. PC er om lag 5.000 kroner inkl. programvare. Driftsbudsjettet for kjøp av datatustyr i skulen (150.000 kroner) er alt for lite til å oppretthalda noverande tal elev-PCar på sikt. I budsjettet er det lagt inn ekstramidlar på 175 000 kroner pr. år, med målsetting om utskifting av ca. 50 elev-PCar årleg frå og med 2018. Det bør og diskuterast om det skal vera full dekning av elev PCar i 5. – 10.klasse. Dette må diskuterast med skulane.

Frigjeringsutstyret til brann er defekt og må enten reparerast til ein kostnad til kr 80 000 eller det må kjøpast nytt til kr 180 000. Det er lagt inn midlar til å kjøpe nytt utstyr.

Kommunen brukar i dag arkiv-/saksbehandlingssystemet ACOS WebSak. Dei aller fleste kommunar som nyttar WebSak har teke i bruk ein tilleggsmodul som heiter WebSak Fokus. Dette er ein modul der WebSak er integrert med MS Outlook, i motsetnad til i grunnversjonen av WebSak som Samnanger har i dag. WebSak Fokus vil vera svært viktig i samband med digitaliseringsarbeidet som kommunen skal gjennomføra dei neste åra. Det blir foreslått å kjøpa og ta i bruk WebSak Fokus i 2018.

Utskifting av nettbrett

Me legg til grunn same løysing for folkevalde som i dag. Det vart i 2015 og 2016 kjøpt inn nye nettbrett til folkevalde i kommunen, totalt ca. 40 nettbrett. Forventa levetid på nettbretta er 4 år. Det vil seia at det truleg vil vera behov for å kjøpa inn nye nettbrett til kommunestyreperioden som startar hausten 2019.

Bufellesskap funksjonshemma

Prosjektet er tenkt gjennomført som totalentreprise og skal ut på anbod no før jul. Det vil kome eiga sak til kommunestyret når anboda er komne inn. Dette er ikkje lagt inn i budsjettet.

Industriområdet øvre Rolvsvåg - veg

Det skal byggast veg til øvre del av Rolvsvåg industriområde. Dette skal opp som eiga sak i kommunestyret i 2017 og er ikkje lagt inn i budsjettet.

KLP eigenkapitaltilskot

Eigenkapitaltilskot blir ført i investering og kan anten finansierast med overføring frå drift eller bruk av ubunde investeringsfond. Me har i økonomiplanperioden finansiert tilskotet med bruk av fond.

Startlån/ forvaltningslån

Innbetaling og avdrag på startlån vert ført i investering og vert betalt av låntakar. Kommunen har pr oktober ca 0,5 mill. kroner som ikkje er lånt ut og me har lagt inn opptak av nytt startlån i 2018 på 2 mill. kroner.

Sal av eigedomar

Det er i 2018 budsjettert med sal av kommunale eigedomar på 500 000 kroner. Dette er forsiktig estimert basert på henvendingar til kommunen . Inntekt frå salet vert sett av på ubunde investeringsfond.

Refusjon forskotering Tyssetunellen

Samnanger kommune får utbetalt refusjon på forskotering med 25 mill kroner pr år frå og med 2016 til og med 2019. 23,25 mill. kroner av dette vert vidareformidla til dei andre kommunane og bedriftene som var med og forskoterte. Samnanger sin del som er på 1,75 mill. kroner pr år vert sett av til ubunde investeringsfond.

Tippemidlar til krøllgrasbana

Midlane vert tidlegast betalt tilbake i 2019 og pengane skal då settast av til nytt ubunde investeringsfond jfr vedtak om lån frå fondet.

Oversikt over investeringar i budsjettframlegget i 1.000 kr:

Tiltak	2018	2019	2020	2021	Finansiering	Merknad
Vatn, alternativ til sjøledning og høgdebasseng	2 000	0	0	0	Lån	utsett frå 2016
Ytre Tysse, avlaup	3 000	0	0	0	Lån	utsett frå 2016
Bruer -	563	0	0	0	Lån og moms	
Liavegen nytt rekkverk	2 250	0	0	0	Lån og moms	
Veg til Hagabotnane KS 8/17	1 596	0	0	0	Fond	Rest overført frå 2017
Gangsti til Hagabotnane	375	0	0	0	Lån og moms	Tilskot ?
Totalrenovering av tak på bassengbygg	375	0	0	0	Lån og moms	
Nytt toalett bassengbygg	163	0	0	0	Lån og moms	
Nytt nøkkelsystem i kommunehuset	188	0	0	0	Lån og moms	
Leikeplassutstyr	125	0	0	0	Lån og moms	
Ombygging kommunehuset	230	0	0	0	Fond og moms	
Utskifting av bærbare pc-ar ved skulane	219	219	219	219	Fond og moms	
Web-sak Fokus	387	0	0	0	Fond og moms	
Frigjeringsutstyr brann	225	0	0	0	Fond og moms	
Utskifting av nettbrett folkevalde	0	154	0	0	Fond og moms	
Skottabakken	0	0	0	0		Eiga sak
Industriområde øvre Rolvsvåg	0	0	0	0		Eiga sak
Sum investering i bygg og anlegg	11 694	373	219	219		
Avsett til fond tilbakebetalt forskottering tippemidler	0	2 500	900	0		
Refusjon forskottering Tyssetunellen, avsett til fond og vidareformidla forskottering	25 000	25 000	0	0		Avsett til fond 0,175 mill.
Sal av kommunal eigedom avsett til fond	500	0	0	0		Avsett til fond 0,5 mill.
KLP eigenkapitaltilskot	673	673	673	673	Fond	
Avdrag startlån	0	0	0	0		
Nytt startlån	2 000	0	0	0	Lån	
Sum andre investeringiltak	28 173	28 173	1 573	673		
Sum investering	39 867	28 546	1 792	892		

Finansiert med :	2018	2019	2020	2021
- Fond nytt ubunde investeringsfond	0	0	0	0
- Fond ubunde investeringsfond	-1 351	-1 002	-848	-848
- Næringsfondet	0	0	0	0
- Sima-Samnanger	-1 297	0	0	0
Sum Fond	-2 647	-1 002	-848	-848
- Lån tatt opp tidlegare	0	0	0	0
- Nye lån inkl startlån	-10 460	0	0	0
sum lån	-10 460	0	0	0
- Tilskot (tippemidler)	0	-2 500	-900	0
Sum tilskot	0	-2 500	-900	0
- Sal	-500	0	0	0
- Momskompensasjon	-1 259	-44	-44	-44
- Tilbakebetalt forskottering	-25 000	-25 000	0	0
Sum annet	-26 759	-25 044	-44	-44
Sum finansiering	-39 867	-28 546	-1 792	-892

VEDLEGG

til rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021

1. Skriv frå Fylkesmannen om Statsbudsjettet 2018 - kommuneopplegget
2. Budsjettframlegg frå kontrollutvalet - kontroll og tilsyn
3. Budsjettframlegg frå Samnanger kyrkjestyre
4. Budsjettskjema 2018-2021 - Rådmannen sitt framlegg

Vedlegg 1

Skriv frå Fylkesmannen om Statsbudsjettet 2018 - kommuneopplegget

**Fylkesmannen i
Hordaland**Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143Vår dato
12.10.2017
Dykkar datoVår referanse
2017/10027
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

STATSBUDSJETTET 2018 - KOMMUNEOPPLEGGET

Fylkesmannen vil gi eit oversyn over hovudpunktane i framlegget til statsbudsjett for 2018.

I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med og «departementet» Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

Det økonomiske opplegget for 2017

I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skatteauke for kommunane i år på 1,0 prosent.

Dei pårekna skatteinntektene er no justerte opp med i underkant av kr. 3,4 mrd. samla for kommunane i landet i høve til nivået i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skatteauke for i år blir med det justert opp frå 1,0 prosent til 3,3 prosent, i høve til faktisk innkomen skatt i 2016.

Bakgrunnen for høgare skattevekst for kommunane er ekstraordinært stort utbytte til personlege skattyttarar for inntektsåret 2016.

Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er uendra frå revidert nasjonalbudsjett, det vil seie 2,3 prosent.

Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2018

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2017 til 2018 med 2,4 prosent. Pårekna skatteinntekter i 2018 byggjer blant anna på pårekna sysselsetjingsvekst (1,1 prosent) og lønsvekst (3 prosent).

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir uendra frå 2017 til 2018, det vil seie 11,80 prosent.

Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40 prosent også for 2018.

Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i framlegget 2,6 prosent. Pårekna lønsvekst inngår i deflatoren med 3,0 prosent for 2018, og tel om lag to tredelar av den samla deflatoren. Pårekna prisvekst på varer og tenester vil inngå i deflatoren med 1,9 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet.

Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla

Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2018. Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabell byggjer på kommunane sin faktiske skatteinngang i 2016. Når det gjeld dette grunnlaget, er det justert for pårekna skatteutvikling i 2017 og 2018.

I berekning av skatteprognose for 2018 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2016 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2016. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning.

Veksten i rammeoverføring frå 2017 til 2018 vil variera mellom kommunane. Hovudårsakene er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt:

- verknad av omlegginga av inntektssystemet frå 2017
- oppdatering av kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga frå 2017
- endring i kriteriegrunnlaget (t.d. talet på eldre) og talet på innbyggjarar samla
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot.

Priskompensasjon frå 2017 til 2018 er innarbeidd i oversynet for dei frie inntektene.

Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2017 til 2018 med knapt 3,6 mrd. Veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Denne veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2017 til 2018 vil kome som eit tillegg i inntektene.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2017 til 2018 skal dekka auka ressursinnsats i kommunane til:

1. Kr. 2,2 mrd. i pårekna meirutgifter som følgje av befolkningsutviklinga, både med omsyn til folkevekst og alderssamansetjing. Dette er den delen av samla meirutgifter knytte til den demografiske utviklinga (kr. 2,2 milliard av kr. 2,7 milliard) som er pårekna å bli dekte av veksten i dei frie inntektene.
2. Det er venta at pensjonskostnadene for kommunane vil auke ut over det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene. For kommunane kan denne realveksten i utgiftene omtrentleg reknast til kr. 0,30 mrd. (kr. 0,35 mrd. for heile kommuneforvaltninga).
3. Delar av veksten i dei frie inntektene kan dessutan knytast til følgjande satsingsområde:
 - Kr. 300 mill. til opptrappingsplan for rusomsorg. Dette er eit trinn i ein opptrappingsplan med auka løyvingar til rusområdet i perioden 2016 - 2020
 - Kr. 200 mill. til tidleg innsats i barnehage og skule

-Kr. 200 mill. til førebyggjande tiltak for barn, unge og familiar. Det er ei målsetjing å gjere kommunane i stand til å ta større ansvar på barnevernsområdet, jf. barnevernsreforma.

Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på landsbasis frå 2017 til 2018 med 2,6 prosent. Veksten er rekna i høve til noverande pårekna inntektsnivå i år.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Utrekna prosentvekst i dei frie inntektene er korrigererte for dette, også i vedlagt tabell, slik at det ikkje inngår i prosentveksten.

Dette vil også omfatta innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet.

Aktuelle saker

Opptappingsplan for rus

Det er ein opptappingsplan med auka løyvingar til rusområdet i perioden 2016 - 2020. Satsinga kjem i hovudsak ved at ein del av veksten i dei frie inntektene er grunnlagt med satsinga på rusomsorg. I 2016 og 2017 var denne opptappinga gjennom rammetilskotet på til saman kr. 700 mill.

For 2018 er det lagt opp til ei ytterlegare opptapping av rammetilskotet med kr. 300 mill. Fordelinga mellom kommunane blir gjort etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp i inntektsystemet.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Rammetilskot knytt til satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2017 til 2018, med priskompensasjon. For 2018 blir rammetilskotet knytt til føremålet kr. 753,5 mill. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0 - 19 år, med eit minstenivå på kr. 100.000,- per kommune.

Dagtilbod demente

Kommunane vil frå 01. januar 2020 få plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens. Det er lagt opp til utbygging av tilbodet fram mot år 2020.

Tilskotsordninga til dagaktivitetstilbod for personar med demens blir vidareført. Det er framlegg om å leggja til rette for 350 nye plassar i 2018.

Innlemming av bustadsosiale tilskot i rammetilskotet

I 2017 blei kr. 10 mill. av øyremerkt bustadsosialt tilskot (Arbeids- og sosialdepartementet) innlemma i rammetilskotet. For 2018 er det framlegg om å innlemma kr. 28 ½ mill. i rammetilskotet.

I 2017 blei kr. 5,7 mill. av øyremerkt bustadsosialt kompetansetilskot (KMD) innlemma i rammetilskotet. For 2018 er det framlegg om å innlemma kr. 15 ½ mill. i rammetilskotet.

Tilskot frivilligsentralar

Tilskot til frivilligsentralar blei innlemma i rammetilskotet i 2017. I tillegg til priskompensasjon frå 2017 til 2018 vil ytterlegare kr. 15 mill. bli fordelt i 2018. Totalt kr. 169,9 mill. vil bli fordelt med særskilt fordeling i 2018, med utgangspunkt i fordelinga av det øyremerkte tilskotet i 2016.

Tidleg innsats i barnehage og skule

Regjeringa gjer framlegg om å styrka arbeidet med tidleg innsats i barnehage og i skulen for å fanga opp utfordringar tidleg og følgja dei opp raskt. Kroner 200 mill. av veksten i dei frie inntektene er grunnlagt med denne satsinga i 2018.

Halvdelen av desse midlane blir fordelte mellom kommunane etter delkostnadsnøkkelen for barnehage. Den andre halvdelen av midlane blir fordelte etter delkostnadsnøkkelen for grunnskule.

Barnevern

Kroner 200 mill. av veksten i dei frie inntektene er grunnlagt med førebyggjande tiltak for barn, unge og familiar. Målsetjinga er at kommunane skal kunne ta eit større ansvar på barnevernsområdet, i lys av barnevernsreforma. Midlane blir fordelte mellom kommunane etter den samla kostnadsnøkkelen.

Sjukeheimsplassar og omsorgsbustader

I revidert nasjonalbudsjett for 2017 vart tilsegnsskema utvida slik at det kan bli gitt investeringstilskot til omtrent 3100 plassar i år med heildøgnsomsorg, fordelte mellom omsorgsbustader og sjukeheimsplassar. For 2018 er det framlegg om ei tilsegnsskema som vil gi grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 1800 nye einingar.

I 2017 er tilskotssats 55 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for sjukeheimsplassar og 45 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for omsorgsbustader. Det er lagt opp til dei same tilskotssatsane i 2018 som i 2017.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming.

Stortinget har vedteke ei gradvis endring (2017 - 2020) i investeringstilskotet slik at det frå og med 2021 berre blir gitt investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar som aukar det samla talet på plassar i kommunen, det vil seie ikkje tilskot til rehabilitering av eksisterande plassar. Omlegginga blir med det gjennomført med 40 prosent verknad i 2018.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2018 er basert på direkte lønsutgifter i 2017 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2018:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.

- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per brukar frå kr. 1,157 mill. til kr. 1,235 mill. for netto utgifter i 2017. Det inneber ein auke på kr. 50.000,- utover justering for pårekna lønsvekst i 2017 (2,4 prosent).
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2018 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2017. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore. Tilskot for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle øyremerkte tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

Barnehagar

Stortinget vedtok i revidert nasjonalbudsjett for 2017 at det øyremerkte tilskotet til fleire barnehagelærarar på kr. 172,2 mill. blei overført til rammetilskotet. Heilårsverknad av denne innlemminga i rammetilskotet utgjer for 2018 (sju månader i tillegg), med priskompensasjon (2,6 prosent), kr. 247,2 mill. Dette blir innlemma i rammetilskotet for 2018.

Det er lagt opp til auka foreldrebetaling i barnehage med kr. 110,- per måned. Rammetilskotet blir på denne bakgrunn redusert med kr. 301,5 mill.

Vedlikehald og rehabilitering

Det er i 2016 og 2017 gitt eit eige øyremerkte tilskot til vedlikehald og rehabilitering for kommunar på Sør- og Vestlandet med høg arbeidsløyse. I 2017 er den samla ramma for tilskotet kr. 650 mill.

Det er ikkje framlegg om noko løyving i 2018.

Inntektssystemet i 2018

Det er ikkje lagt opp til omleggingar i inntektssystemet frå 2017 til 2018 knytte til:

- inntektsutjamning
- utgiftsutjamning med basistilskot
- veksttilskot
- distriktstilskot
- småkommunetillegg

Veksttilskotet for 2018 vil bli gitt til kommunar som har hatt ein gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst på 1,4 prosent eller meir dei siste tre åra. Veksttilskotet blir gitt som eit fast tilskotsbeløp per ny innbyggjar utover vekstgrensa. Tilskotssats for 2018 er i framlegget kr. 57.191,-, som er det same som for 2017.

Det er i framlegget lagt opp til å ikkje prisjustera satsane for dei regionalpolitiske tilskota frå 2017 til 2018. Dette omfattar distriktstilskot med småkommunetillegget, veksttilskot og storbytilskotet. Dei frigjorte midlane vil i staden bli omdisponert til ei styrking av innbyggjar-tilskotet og vil med det bli fordelte mellom alle kommunane.

Det vil vere endringar i distriktstilskot med småkommunetillegget for nokon kommunar frå 2017 til 2018 som følgje av endring i distriktsindeks og endringar i innbyggjartalet.

Overgangsordninga INGAR gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet med meir negativt avvik enn grenseverdien frå landsgjennomsnittet, frå eit år til det neste. Grenseverdien for kompensasjon blir justert opp frå kr. 300,- per innbyggjar i 2017 til kr. 400,- per innbyggjar i 2018.

Vi viser til informasjon om inntektssystemet i vårt brev av 19.mai d.å. om kommuneopplegget for 2018.

Skjønstilskot

Fylkesmannen vil senda kommunane brev med grunngjeving for fordelinga av det ordinære skjønstilskotet for 2018.

Kommunereform

Regionsentertilskot

Tilskotet skal gå til kommunar som slår seg saman når den nye samanslåtte kommunen vil bli meir enn om lag 8000 innbyggjarar. Det blir ikkje gitt regionsentertilskot til kommunar som mottek storbytilskot.

Regionsentertilskotet er fordelt mellom dei framtidige samanslåingskommunane med ein sats per samanslåing (60 prosent av samla tilskot) og ein sats per innbyggjar (40 prosent av samla tilskot). Fordelinga mellom kommunane i kvar samanslåing er gjort på grunnlag av innbyggjartalet.

Det er lagt til grunn at tilskotet blir nytta til fellestiltak for den nye samanslåtte kommunen.

Ramma for tilskotet blir på landsbasis utvida frå kr. 100 mill. i 2017 til kr. 200 mill. i 2018, med heilårsverknad.

Det er ikkje gitt signal om vidareføring av regionsentertilskotet utover 2018.

Fordelinga av tilskotet går fram av vedlagt tabell.

Overgangsordning 2017 - 2019

Det blir i perioden 2017 - 2019 gitt årleg kompensasjon til kommunar i samanslåing som har fått redusert basistilskot frå 2016 til 2017 på grunn av omlegginga til gradering av halvdelen av basistilskotet (basert på strukturverdi i høve til grenseverdi).

I utrekninga av kompensasjon blir det teke omsyn til den kompensasjonen som kjem gjennom overgangsordninga INGAR.

Kompensasjon i denne overgangsordninga blir også gitt til kommunar i samanslåing som får redusert småkommunetilskot som følge av trekk, frå og med 2017, basert på distriktsindeks. Ingen av kommunane i Hordaland i kommunesamanslåingar blir omfatta av dette trekket.

Tilskotet vil i 2018 inngå i innbyggjartilskotet med særskilt fordeling. Fordelinga i 2018 er i vidareføring frå 2017, med tillegg av priskompensasjon.

Kompensasjonen er vist i eigen kolonne i vedlagt tabell. Beløpa er ein del av tilskotsbeløpa i kolonne for innbyggjartilskotet.

Ufrivillig åleine

Det blir gitt delvis kompensasjon til kommunar som er blitt ståande ufrivillig åleine etter kommunereforma og som tapte på omlegginga av basistilskotet eller småkommunetilskotet frå 2016 til 2017.

I utrekninga av kompensasjon blir det teke omsyn til den kompensasjonen som blir gitt gjennom overgangsordninga INGAR.

I 2017 er det gitt kompensasjon til Stord kommune. Det er lagt opp til å vidareføra dette tilskotet frå 2017 til 2018, med priskompensasjon. Tilskotet vil bli gitt av departementet (KMD) sine ikkje fordelte skjønsmidlar. Det er difor ikkje med i vedlagt tabell.

Eingongstilskot og inndelingstilskot

Tilskot for eingongskostnader er utbetalt i år, samt tilskot knytt til infrastrukturtiltak.

Reformtilskot vil bli utbetalt etter at kommunesamanslåing har vorte sett i verk. Det vil seie etter 01. januar 2020.

Årleg inndelingstilskot blir utbetalt frå og med år 2020 (i 15 + 5 år). Det erstattar bortfall av basistilskot og eventuelt bortfall av småkommunetilskot/reduksjon distriktstilskot som følgje av samanslåing. Inndelingstilskotet vil vere basert på tilskot og kriteriegrunnlaget for 2016. Det blir tillagt årleg priskompensasjon. Basistilskotet i 2016 var kr. 13,2 mill. for kvar kommune.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Vedlegg

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Vedlegg 2

Budsjettframlegg frå kontrollutvalet - kontroll og tilsyn



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Til Kommunestyret

Vår sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Dykkar ref.:
Vår ref: 2016/37
Vår dato: 09.10.2017

Partsbrev vedr. Framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2018

Vedlagt følger partsbrev med kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2018. Ber om at partsbrevet med vedlegg følger sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Ordførar
Rådmann
Utvalsleiar
Økonomisjef

Arkivsak: 151
 Arkivnr: 2016/37-45
 Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	32/17	03.10.2017

Framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2018

Bakgrunn

Av "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner" finn ein i § 18 formuleringa om at kontrollutvalet skal utarbeide framlegg til budsjett for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

§ 18. Budsjettbehandlingen

«Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapetets/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.»

Kontrollutvalet har ansvar for å utarbeida framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det eigentleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet innstilla direkte overfor politisk organ.

I tråd med dette fremjar kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2018. I budsjettframlegget bereknar kontrollutvalet kostnad med dei oppgåver budsjettet skal dekkja. «Veileder til KOSTRA» skildrar og kva funksjon 110 – kontroll og revisjon, skal dekkja:

«Utgifter og inntekter knyttet til kommunenes kontrollutvalg etter kommuneloven § 77 og revisjon etter kommuneloven § 78. Herunder møtegodtgjørelser og andre utgifter knyttet til møteavvikling i kontrollutvalget, utgifter knyttet til kontrollutvalgssekretariatet, og utgifter knyttet til regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Funksjonen omfatter ikke administrative internkontrollsystemer som er underlagt administrasjonssjefen.»

Drøfting

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i gjeldande revisjonsavtale. Budsjettert kostnad med revisjon skal dekkja både arbeid med rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. I budsjettframlegget er revisjonskostnader delt på to postar. Ein post for kostnader med rekneskapsrevisjon og ein post for oppdrag bestilt av kontrollutvalet ut frå godkjende planar.

Vidare er det lagt til grunn at det vanlegvis er 5 møter i kontrollutvalet for året, med om lag like stor saksmengde som "eit vanleg år". Det er vidare lagt inn kostnader med kurs / opplæring for medlemmane i kontrollutvalet og servering på utvalsmøta. Elles er det lagt inn møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste. Det er og lagt inn ein sum for folkevaldopplæring på Solstrand for heile utvalet i januar 2018.

Om oppgåvene til kontrollutvalet

I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar står det dette i § 10:

”§ 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.”

”§ 13. Selskapskontroll

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll.”

Formuleringane i disse paragrafane viser at hovedoppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføra prosjektarbeid ut frå dei planar som kommunestyret har vedteke. Det er vedteke planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i kommunestyret 15.12.16. I kontrollutvalet sitt budsjett bør det leggst inn midlar til å gjennomføra prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i tråd med planane. Ut frå planane, vil prosjektarbeid krevja ei ramme på omlag 300 timar for kommunar med Samnanger kommune sin storleik. Kontrollutvalet bør og vurdere å evaluera planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll halvvegs i perioden, og dette bør såleis gjerast i 2018.

Prisen for tenestene sekretariatet gjer for kontrollutvalet er regulert i tråd med avtale mellom Samnanger kommune og Hordaland fylkeskommune datert 05.01.2010, og skriv av 22.12.2014 om å sikre at fylkeskommunen ikkje kryss-subsidierer kommunane dei er sekretariat for. Berekningsgrunnlag er elles snitt tidsbruk siste tre år.

Konklusjon

På slik bakgrunn tilrår sekretariatet at kontrollutvalet godkjenner framlegget til budsjett. Budsjettframlegget skal så følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Det er kommunestyret som skal gjera endeleg vedtak når det gjeld budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Samnanger kommune.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2018.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.10.2017**Handsaming i møtet:**

Sekretariatet gjennomgjekk framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2018. Kontrollutvalet drøfta einskildpostar, men utvalet ville ikkje gjera endringar i forslaget som ligg føre. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

